



Rapportserie
Nr. 9: 2021

Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning

Utgivar: Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku)

Dato: Juni 2021

Ansvarleg redaktør: Ragnhild Tungesvik

Utarbeida av: Carl Endre Espeland, Kjerstin Bruvold Klokkeide, Martin Paulsen og Therese Halvorsen Røst.

ISSN: 2535-5961

ISBN: 978-82-8421-023-0

Rapporten kan lastast ned frå diku.no

Forord

Diku presenterer med dette Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2021, som er utvikla på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Det er vår ambisjon at tilstandsrapporten skal vere eit viktig styringsdokument for både styresmaktene, forvaltningsorgana, og ikkje minst for sektoren sjølv. Rapporten er derfor heile tida under utvikling, samstundes med at vi arbeidar med å styrke kvaliteten på dataa.

Dette er tredje gongen Diku utarbeider denne rapporten. Høgare yrkesfagleg utdanning er ein sektor i stor endring, noko som set sitt preg på rapporten. I 2020 har endringane blitt forsterka av koronapandemien og ikkje minst tiltaka som regjeringa sette inn for å motverke konsekvensane av pandemien for økonomi og samfunn. I årets tilstandsrapport vil vi sjå både konsekvensar av sjølve pandemien og av tiltakspakkane for utdanning og kompetanseheving.

Diku jobbar aktivt for å styrke kunnskapsgrunnlaget og vidareutvikle sektoren i samarbeid med fagskulane, fylkeskommunane, Nasjonalt fagskuleråd, og dei andre nasjonale organa NOKUT, Unit og Kompetanse Noreg. Saman jobbar desse aktørane for at sektoren oppfyller dei fire måla som Stortinget har sett: god kvalitet på utdanninga, yrkesretting, god tilgang på utdanning og ein solid og effektiv sektor. Eit premiss for å oppnå dette, er eit aktivt og involverande samarbeid mellom fagskulane og arbeidslivet.

Vi vil takke våre samarbeidspartnarar i NSD, med Ole Henning Vårdal i spissen, for tilrettelegging av datamateriale, og for verdifulle diskusjonar og innspel undervegs i arbeidet. Vi vil også takke Kompetanse Noreg, NOKUT og Unit for deira bidrag. Til slutt vil vi takke Kunnskapsdepartementet for oppdraget, og for god dialog og samhandling undervegs i arbeidet.

Diku - Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning skal bidra til å styrke kvaliteten i norsk utdanning. Vi fremjar utvikling og nyskaping, internasjonalt samarbeid og digitale læringsformer.

Gjennom utgreiingar, analysar og rådgiving skal Diku bidra til å utvide og styrke kunnskapsgrunnlaget for kvalitetsutvikling. Føremålet er å gi styresmakter og utdanningssektoren betre føresetnader for utforming av politikk, tiltak og strategiar.

Frå 1. juli 2021 blir Diku ein del av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

Sektorbilete 2020

Fagskular	
Tal på skular	73
Offentleg eigarskap	38 %
Privat eigarskap	62 %
Tal på fagskular med færre enn 50 studentar	34
Tal på fagskular med fleire enn 500 studentar	16
Tal på utdanningstilbod etter fagområde	
Helse og velferd	437
Kreativ	142
Samferdsel	54
Teknisk	379
Økadm	240
Anna	57
Uoppgitt	21
Fagskulestudentar	
Tal på studentar, haust 2020	23 279
Kvinner	47 %
Menn	53 %
Utanlandske statsborgarar	483
Tal på uteksaminerte studentar.	8 338
Fagskulestudentar fordelt på fagområde (FKF)	
Helse og velferd	25 %
Kreativ	11 %
Samferdsel	7 %
Teknisk	37 %
Økadm	16 %
Anna	2 %
Uoppgitt	3 %
Kjønnsfordeling på dei største fagområda	
Naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag. (Menn)	89 %
Helse-, sosial- og idrettsfag. (Kvinner)	89 %
Opptaksgrunnlag	
Generell studiekompetanse	21 %
Realkompetanse	13 %
Yrkesfagleg kompetanse	62 %
Anna kompetansegrunnlag	4 %
Økonomi og styring	
Statleg tilskot til fagskuleutdanning (driftsmidlar) frå KD	835 mill.
Tilskot frå fylkeskommunanes frie midlar	103 mill.
Tilskot til dei tre statlege fagskuleutdanningane (direkte over statsbudsjettet)	127 mill.
Studentbetaling private skular	671 mill.
Studentbetaling offentlege skular	21 mill.
Diverse prosjektbaserte midlar	110 mill.
Tilskot Utdanningsdirektoratet (oppvekstfag)	29 mill.

Kjelde: NSD

Innhold

Sektorbilete 2020	3
Samandrag	7
1 Innleiing.....	8
2 Metode og datagrunnlag	10
2.1 Datagrunnlag og datakvalitet	10
2.2 Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar.....	11
2.3 Digital løysing for vedleggsrapport.....	12
3 Fagskulane.....	13
3.1 Fagskular og studiestadar.....	13
3.2 Storleiken på fagskulane.....	15
3.3 Eigarskap	17
4 Utdanningstilbodet.....	21
4.1 Variasjonar i fagområde og studielengd	21
4.2 Fagskulegradar og studiepoeng	24
4.3 Geografisk fordeling.....	25
4.4 Studium på heil- og deltid	25
4.5 Stad- og nettbaserte utdanningar	27
5 Studentane	30
5.1 Studentar og studiepoeng.....	30
5.2 Fordeling av studentar på fagområde.....	33
5.3 Studentar på heiltid og deltid	35
5.4 Kjønn og alder etter fagområde	38
5.5 Opptaksgrunnlag.....	40
5.6 Fullføring på normert tid.....	44
5.7 Uteksaminerte	48
5.8 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular	51
6 Økonomi og styring.....	55
6.1 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning.....	55
6.2 Studentar og fagområde etter finansieringskjelder	60
6.3 Vekst i sektoren – kvar og kvifor?	60
6.4 Styring gjennom tilskot.....	62
7 Litteraturliste.....	64

Figurar

Figur 3.1 Tal på fagskular og gjennomsnittlege tal på studentar per fagskule 2011–20	15
Figur 3.2 Fagskular etter storleik i 2020	16
Figur 3.3 Tal på fagskular etter fylke og storleik	17
Figur 3.4 Fagskular og studentar etter eigarskap 2011–2020	18
Figur 3.5 Studiestadar ved offentlege og private fagskular 2011–2020	18
Figur 3.6 Fagskular etter fagområde og eigarskap	19
Figur 3.7 Geografisk plassering av offentlege og private fagskular 2020	20
Figur 4.1 Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng, haust 2020	24
Figur 4.2 Studentar i prosent, fordelt på fagområde og fylke	25
Figur 4.3 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde, haust 2020	26
Figur 4.4 Talet på studietilbod innanfor ulike utdanningsformer etter fagområde	27
Figur 4.5 Studentar etter utdanningsform 2016–2020	28
Figur 5.1 Tal på studentar og studiepoengeiningar fordelt på offentlege og private fagskular. 2013–2020	30
Figur 5.2 Tal på studentar etter fylke og eigarskap. Studentar på nettbaserte tilbod i eigen kategori. 2020	31
Figur 5.3 Studentar etter registrert bustadfylke og utdanningsform, 2020	32
Figur 5.4 Andel studentar etter fagområde. 2016–2020	34
Figur 5.5 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde. 2020	35
Figur 5.6 Andel studentar etter kjønn og fagområde. 2016–2020	38
Figur 5.7 Andel studentar etter alder og fagområde. 2020	39
Figur 5.8 Andel studentar etter kjønn og alder	40
Figur 5.9 Nye studentar etter opptaksgrunnlag. 2018–2020	41
Figur 5.10 Nye studentar i 2020 ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder.	42
Figur 5.11 Studentar etter opptaksgrunnlag og fagområde. 2020	42
Figur 5.12 Andel studentar fullført på normert tid etter heiltid og deltid. 2018–2020	45
Figur 5.13 Andel studentar fullført på normert tid etter utdanningsform. 2020	46
Figur 5.14 Andel studentar som fullførte på normert tid i 2020 etter alder då dei starta på studiane	46
Figur 5.15: Fullføringsgrad på normert tid per fagområde for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng. 2018–2020	47
Figur 5.16 Tal på uteksaminerte studentar med fagskulegrad og høgare fagskulegrad per fagområde	49
Figur 5.17 Fagskulestudentar som tidlegare har vore registrerte ved eit universitet eller høgskule, fordelt på fagområde. 2018–2020	51
Figur 6.1 Ulike finansieringskjelder 2020	55
Figur 6.2 Gjennomsnittleg studentbetaling ved offentlege og private fagskular 2013–2020	57
Figur 6.3 Studentar etter fagområde og tilskot	60

Tabellar

Tabell 2.1 Felles klassifiseringssystem for fagskulesektoren (FKF)	12
Tabell 3.1 Organisasjonsendringar 2020	13
Tabell 3.2 Tal på fagskular og studiestadar per fylke	14
Tabell 4.1 Utdanningstilbod etter fagområde per år 2016–2020.....	21
Tabell 4.2 Fagskular med fagområdeakkreditering.....	22
Tabell 5.1 Tal på studentar per fagområde. 2016–2020.....	33
Tabell 5.2 Fordeling av studentar på heiltid og deltid etter alder. 2020	36
Tabell 5.3 Prosentdel fullført på normert tid. 2018–2020.....	44
Tabell 5.4 Tal og prosentdel av uteksaminerte fagskulekandidatar som seinare er registrert som studentar ved ein UH-institusjon. 2018–2020	52
Tabell 6.1 Tilskot frå KD og fylka sine frie midlar, samt prosentdel frie midlar av total finansiering per fylke	56
Tabell 6.2 Snittbetaling per student per semester, fordelt etter eigarskap og finansieringskjelde.....	58
Tabell 6.3 Prosjektbaserte midlar.....	59
Tabell 6.4: Utvikling i talet på studentar på offentleg finansierte utdanningstilbod	61
Tabell 6.5: Utvikling i studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod 2017–2020.....	62

Tekstboksar

Tekstboks 1 Evaluering av fagskolemeldinga.....	9
Tekstboks 2 Utdanningskvalitetsprisen.....	23
Tekstboks 3 Kartlegging av nettpedagogisk kompetanse.....	29
Tekstboks 4 Bransjeprogram	37
Tekstboks 5 Samordna opptak	43
Tekstboks 6 Studiebarometeret	50
Tekstboks 7 Evaluering av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.....	54

Samandrag

Tilstandsrapporten ser på høgare yrkesfagleg utdanning frå ulike vinklar. I [kapittel 3](#) ser vi nærmare på fagskulane. I 2020 blei det færre fagskular. Blant dei offentlege fagskulane hang utviklinga tett saman med fylkessamanslåingane, medan utviklinga i privat sektor handla om både oppkjøp og nyetableringar. Samstundes blei fagskulane større og det blei fleire studiestadar. Private fagskular vaks meir enn dei offentlege. Oslo har flest fagskular, men det er ei tydeleg spreiding òg blant dei store skulane, i sju fylke finst det fagskular med meir enn 1 000 studentar.

Vi tar for oss utdanningstilbodet i [kapittel 4](#). Det har vore ein tydeleg auke i talet på studietilbod det siste året, dette gjeld alle fag, men auken er særleg stor i økonomi- og administrasjonsfag. Talet på institusjonar med fagområdeakkreditering held seg på same nivå som året før, og det er flest slike knytta til helse og velferd. Dei ulike fagområda har ulik og tidvis ganske distinkte profilar når det gjelde studielengde og tilhøve mellom heiltid og deltid. Til dømes er helse og velferd prega av deltid og tilbod som gir fagskulegrad, medan tekniske fag gjerne er heiltid og gir høgare fagskulegrad. Vi ser ein tydeleg tendens til at nettbasert og samlingsbasert undervisning utgjer ein større andel av utdanningstilbodet i høgare yrkesfagleg utdanning.

[Kapittel 5](#) handlar om studentane, og mellom anna den store auken vi såg i 2020. Auken fordeler seg på alle fagområde, men er særleg stor i økonomi- og administrasjonsfaga. Vi ser òg ein stor auke i talet på studentar som er tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse – totalt 57 prosent av alle nye studentar i 2020. Om lag to tredelar av studentane er deltidsstudentar, slik som i 2019. Fordelinga mellom kvinner og menn er bortimot 50/50, men framleis er det store skilnader særleg innan helse og velferdsfaga og tekniske fag.

Fleire studentar fullførte utdanninga si på normert tid i 2020 enn i åra før. Heile 66 prosent av studentane avslutta utdanninga si som forventa, mot 60 prosent året før. I kapittelet ser vi nærare på korleis fullføringsgraden fordeler seg på ulike variablar, og skisserer ulike forklaringar på endringa.

[Kapittel 6](#) viser det mest heilskaplege bilete av finansieringa av sektoren som vi nokon gong har presentert, med fleire kjelder enn tidlegare år. Samla sett disponerte fagskulane om lag 1,9 milliardar kroner i 2020. Om lag 44 prosent av midlane er tilskot til drift frå Kunnskapsdepartementet sitt budsjett. I tillegg kjem om lag sju prosent direkte til tre statlege fagskular. Studentbetaling utgjer om lag 37 prosent av den samla finansieringa, det aller meste innan privat sektor. I tillegg kjem finansiering frå fylkeskommunane sine egne løyvingar med om lag fem prosent, og ulike prosjektbaserte midlar som vi viser for første gong i år, med seks prosent.

1 Innleiing

2020 var eit år utanom det vanlege for alle. For høgare yrkesfagleg utdanning framstår det som eit paradoksalt år. Sektoren blei, som alle andre, råka av plutslege og omfattande endringar som følgje av pandemien. Men sektoren vart òg ein sentral del av løysinga på utfordringane som oppstod i samfunnet, slik som auka arbeidsløyse og permitteringar. 1 500 nye studieplassar vart vedtatt i revidert nasjonalbudsjett, og sektoren klarte på nokre korte sommarmånader å få på plass nye tilbod og å rekruttere fleire studentar. I tillegg blei fleire studietilbod under 30 studiepoeng tilbydde, mellom anna som ei følgje av løyvingar gjennom Utdanningsløftet til korte og fleksible utdanningar.

Dette bidrog til ein kraftig vekst i sektoren, noko dataa vi presenterer i denne rapporten syner. Tala viser dessutan at det er fleire studentar enn tidlegare år som har fullført utdanninga på normert tid, noko som òg kan verke paradoksalt i eit annleis-år som 2020. Midt oppi dette har nokre nye fagskular dukka opp, medan andre fagskular har fusjonert, og det som tidlegare har vore sjølvstendige fagskular har blir gjort om til studiestadar.

Dei store endringane i sektoren dei siste åra er ein del av det Deloitte skal sjå på når dei no evaluerer Fagskulereformen på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet (KD). Første delrapport i evalueringa har blitt publisert (Deloitte, 2021). Rapporten viser at dei fleste tiltaka i stortingsmeldinga er gjennomførde. Deloitte finn at sektoren særleg legg vekt på dei nye namnet *høgare yrkesfagleg utdanning*, og namneendringa frå fagskulepoeng til *studiepoeng* som viktige endringar. Mellom anna er desse endringane med på å gi høgare yrkesfagleg utdanning meir prestisje og gjere dei meir synlege. Ei anna slik endring er innføringa av gradane fagskulegrad og høgare fagskulegrad. Vi er glade for å kunne bruke desse gradsnemningane i rapporten i år.

Koronapandemien har naturleg nok òg hatt store konsekvensar for studentane. I 2021 blei fagskulestudentane for første gong inkludert i studentane si helse- og trivselsundersøking (SHoT). I år blei det gjennomført ei ekstraordinær undersøking med eit særleg fokus på korleis studentane si helse og trivsel har blitt påverka av pandemien og smittevernstiltak. Eit viktig funn frå ei tid med mykje digital undervisning var at studentane sakna det faglege fellesskapet dei elles var vande med. Studiebarometeret ga oss òg eit innblikk i kva konsekvensar pandemien hadde for studentane og studiekvardagen deira. Mange opplevde situasjonen som tøff (NOKUT, 2021) (ONF, 2021). Fagskulestudentane skal òg inkluderast i levekårsundersøkinga for norske studentar, som blir gjennomført av SSB i slutten av 2021.

Sjølv om omfattande endringar allereie er gjennomførde, er det framleis stor utvikling i sektoren. Justeringar i fagskulelova presiserer krava til kunnskapsgrunnlaget for høgare yrkesfagleg utdanning, medan eit forslag om å opne for utdanningstilbod under 30 studiepoeng i desse dagar blir handsama av Stortinget.

Regjeringa vil før sommaren 2021 presentere to strategidokument som er viktige for fagskulesektoren; strategi for høgare yrkesfagleg utdanning, og strategi for fleksible og desentraliserte utdanningstilbod. Fullføringsmeldinga for vidaregåande utdanning, så vel som distriktmeldinga, er andre politiske dokument som vil bli viktige for høgare yrkesfagleg utdanning i tida som kjem.

Stortingsmeldinga Fagfolk for fremtiden, også kjent som fagskolemeldinga, blei vedtatt av Stortinget i 2017. Den inneheldt ei rekkje tiltak for å auke kvaliteten på og statusen til fagskoleutdanninga. Stortinget bad om at meldinga skulle midtveisevaluerast etter tre år og at det skulle gjennomførast ei samla evaluering etter fem år. Diku administrerer evalueringa på vegne av Kunnskapsdepartementet. Oppdraget vart sett ut til Deloitte etter ein anbuds konkurranse. I februar 2021 leverte Deloitte første delrapport i evalueringsprosjektet (Deloitte, 2021).

Deloitte har gått gjennom arbeidet som har blitt gjort med tiltaka i fagskolemeldinga. Meldinga lanserte 48 tiltak, men eit av dei blei ikkje ført vidare etter handsaminga av meldinga i Stortinget. Tiltaka har blitt vurderte etter i kva grad dei har blitt gjennomførte. Deloitte har nytta ein tre-trinns skala der tiltaka har fått karakteristikkane «gjennomført», «under arbeid/delvis gjennomført» eller «ikkje følgt opp». Samla syner gjennomgangen at totalt 33 tiltak får karakteristikken «gjennomført», ni blir vurderte til «under arbeid/delvis gjennomført» og seks er karakterisert som «ikkje følgt opp».

Gjennomgangen er strukturert etter dei fire overordna måla i fagskolemeldinga: «(1) studentene skal engasjere seg i faget og lykkes i utdanningen, (2) fagmiljøene skal ha oppdatert og praksisnær fag- og yrkeskompetanse, (3) fagskolene skal tilby utdanning som arbeidslivet trenger og studentene ønsker, og (4) fagskolene skal være godt organisert, med tydelig eierskap og god styring» (Meld. St. 9 (2016-2017), s. 8).

Deloitte sin gjennomgang syner at dei seks tiltaka som ikkje har blitt følgt opp fordeler seg på alle dei fire måla. Når vi ser på dei tiltaka som er under arbeid ser vi ei klar opphoping innanfor mål (1) og det knyter seg særleg til tiltak for overgang mellom høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning.

Deloitte understreker i rapporten at intervju med aktørar i sektoren etterlet eit positivt inntrykk: «Selv om ikke alle tiltakene er gjennomført per januar 2021, og det pekes på en del utfordringer og hindringer for måloppnåelse, synes det basert på de undersøkelser som er gjort i første fase av evalueringen åpenbart at fagskolesektoren er en sektor i stor endring, og som de siste årene har hatt en utvikling i positiv retning med tanke på ambisjonene og målsetningene som er fremmet gjennom fagskolemeldingen.»

Særleg innføringa av omgrepa «høgare yrkesfagleg utdanning» og «studiepoeng» blir trekte fram som positive og viktige tiltak, i tillegg til det store fokuset sektoren har fått dei siste åra. Samstundes peikar intervjuobjekta på at finansieringa framleis er ein kritisk faktor og at tilhøve ved finansieringa av sektoren er eit hinder for vidare vekst. Dette vil bli diskutert nærmare i evaluering av finansieringssystemet som er neste rapport i evalueringsprosjektet.

Dei neste leveransane i prosjektet skal kome i 2022. Delrapport om finansieringssystemet kjem i første kvartal og sluttrapport vil bli levert til Diku innan utgangen av 2022.

Kjelde: Diku

2 Metode og datagrunnlag

2.1 Datagrunnlag og datakvalitet

Datagrunnlaget i tilstandsrapporten er henta frå fagskulestatistikken i Database for statistikk om høgare utdanning (DBH-F), som er drifta av Norsk senter for forskingsdata (NSD). Tala er innrapporterte frå fagskular og fylkeskommunar til DBH-F, og speglar situasjonen i sektoren i 2020.¹ Tala for studentar og utdanningstilbod gjeld haustsemesteret. Aktive studentar blir talde 1. oktober, og blir rapporterte inn til NSD 15. oktober. Tala for eksamensavvikling og fullføring blir rapporterte inn 15. mars.

For å fange opp studentar på studietilbod under 30 studiepoeng har det vore naudsynt å gjere nokre tilpassingar i rapporteringa til NSD, då få av desse er aktive akkurat på teljetidspunktet kvar haust. 486 studentar blei rapporterte i haust, men nokon av dei med manglande data. 629 studentar er henta ut frå innrapporterte sluttvurderingar våren 2021. På grunn av dette har vi ikkje like mange variablar knytte til desse studentane, som vi elles har. Det vil derfor variere noko i kva grad desse totalt 1 096 studentane er med i dei ulike figurane og tabellane i rapporten. I nokre figurar og tabellar vil alle eller nokon vere utelatne, medan i andre vil nokon av dei visast i kategorien «uoppgitt». Vi har likevel ønska å ta dei med i Tilstandsrapporten, for å vise utviklinga og mangfaldet i sektoren, og for å gi eit mest mogleg korrekt bilete av kor mange studentar som tar studiepoeng ved ein fagskule.

Innføring av Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar (sjå avsnitt 2.2) og innføring av nye fagskulegradar ser ein att i framstillinga av utdanningstilbod. I tillegg til høgare fagskulegrad (120 studiepoeng), fagskulegrad (60–90 studiepoeng) og utdanningar mellom 30 og 59 studiepoeng, er studietilbod under 30 studiepoeng også inkludert i figurar og tabellar.² Per i dag tillét fagskuleloven i utgangspunktet ikkje utdanningar under 30 studiepoeng, men enkelte tilbod har blitt akkreditert på dispensasjon frå KD i samband med mellom anna bransjeprogram for kompetanseutvikling. I tillegg kan fagskulane tilby kortare studietilbod under 30 studiepoeng frå allereie akkrediterte utdanningar. Kategorien studietilbod under 30 studiepoeng inneheld derfor både utdanningar som gir vitnemål og studietilbod som ikkje gjer det.³

Nye fylkeseiningar er standard i figurer og tabellar. Informasjon om geografisk fordeling kan tidvis vere misvisande når det er snakk om nettstudium. Nettbaserte studiar og studentar på nettbaserte utdanningstilbod blir derfor haldne utanfor den geografiske fordelinga og blir heller framstilt som ein eigen kategori.

I årets rapport har vi endra alderskategoriane. Den viktigaste endringa er at aldersgruppa 20–30 har blitt splitta opp, slik at vi opererer med kategoriane «under 20», «20–24», «25–29», «30–34», «35–40», «41–50» og «over 50». Med denne litt meir finmaska kategoriseringa får vi fram fleire nyansar i talgrunnet, særleg for dei yngste studentane.

Tala for fullføring har i alle år vore hefta av noko usikker kvalitet. I årets tilstandsrapport har vi gjort nokre endringar for å forsøke å styrke kvaliteten på tala som ligg til grunn for analysane. For det første har vi vald å berre ta med tal for fullføring på normert tid, og ikkje eitt til tre år etter. Dette fordi tidlegare tal viste at det var svært få som fullførte ei utdanning

¹ DBH-F si dokumentasjonsside <https://dbh.nsd.uib.no/fagskole/dokumentasjon/tabelldok.action>

² I vedlegg er utdanningstilboda delt inn etter studiepoeng: under 30, 30, 60, 90, 120, og andre.

³ Fagskuleforskrifta gir ein definisjon av sentrale omgrep som emne, studiepoeng og fagskulegrad. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-07-11-1005>

om dei ikkje gjorde det på normert tid. Dette inneber at vi kan presentere fullføringstal heilt fram til og med 2020-kullet.⁴

Det andre vi har gjort er å hente ut fullføring basert på koden på utdanningstilbodet den einskilde student er meldt opp til, og så berekna forventa normert år for fullføring på grunnlag av studiepoeng og prosentdel av heiltid. For 2020-tala har vi i tillegg kontrollert kvart einskilde tilbod, og korrigert for feil og manglar ved rapporteringa.

Det tredje som er gjort er å vaske data for alle samanslåingar og oppkjøp som har funne stad i sektoren dei siste åra. Slik unngår vi at studentar som blir med inn i ein ny organisasjon som følgje av samanslåing, blir registrert som ein ny student.

Til sist har vi identifisert to statistiske utliggarar som påverkar det samla bilete. Det eine er fullføringa innan luftfartsfaga som er svært låg innan normert tid. I 2020 var fullføringa på åtte prosent, medan den for 2019 var på 12 prosent. Det andre er omfanget av fleksible tilbod, særleg ved to av dei største private fagskulane, Noroff og NKI. Desse fagskulane har mange studentar, og til dels utstrekt bruk av fleksibel studiestart og fleksibilitet til å byte mellom heiltid og deltid undervegs i utdanninga. Dette er ein fleksibilitet som er eit gode for studentane, men som i rapporteringa til NSD blir oppfatta som fråfall. For framtida er det naudsynt å sjå på korleis rapporteringa kan endrast, slik at denne fleksibiliteten blir synleg. For å gje eit mest mogleg korrekt bilete av fullføringa i sektoren i årets rapport har vi derfor vald å halde desse to fagskulane utanom det samla biletet, i tillegg til tilboda innan luftfart.

Til saman utgjer desse endringane ei betring av kvaliteten på fullføringstala i høgare yrkesfagleg utdanning. Endringane har òg sett oss i stand til å gjere fleire analysar av tala for å finne ulike samanhengar og forklaringsfaktorar. Det er likevel framleis nødvendig å ta nokre atterhald om at vi ikkje har klart å fange opp alle konsekvensar av organisatoriske endringar og eventuelle feilrapporteringar frå fagskulane.

2.2 Felles klassifiseringssystem for fagskuleutdanningar

Diku arbeidde saman med NOKUT, NSD, Unit og NIFU i 2020 fram nye fagkategoriar som er tilpassa fagskulesektoren: Felles klassifiseringssystem for fagskulesektoren (FKF).⁵ FKF forenkler både rapportering og analysering av utdanningstilbodet i fagskulesektoren, og er kompatibelt med Norsk Standard for utdanningsgruppering (NUS2000).

Tabell 2.1 synar ein oversikt over dei ulike utdanningskategoriane (nivå 1) og – typane. Desse utdanningskategoriane er brukt i heile rapporten, også for historiske data.

⁴ I talgrunnlaget for fullføring har vi berre inkludert utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng. Tilbod under 30 studiepoeng, som det var ein særleg vekst blant i 2020, er utelat fordi rapporteringa til dels er mangelfull for desse tilboda.

⁵ <https://www.nokut.no/norsk-utdanning/fagskole/felles-klassifiseringssystem-for-fagskuleutdanninger-fkf/>

Tabell 2.1 Felles klassifiseringssystem for fagskulesektoren (FKF)

Utdanningskategori	Utdanningstype
Kreative fag (kreativ)	Visuell kunst Musikk, dans og drama Film og foto Design Interiør Mote Anna
Økadm-fag (økadm)	Løiing Kontor Lønn og rekneskap Marknadsføring Reiseliv Anna
Tekniske fag (teknisk)	Bygg og anlegg Elektro/energi Industri/kjemi Petroleum Data-IT Modellering Anna
Helse og velferdsfag (helse og velferd)	Helse Oppvekst Anna
Samferdselsfag (samferdsel)	Jernbane Luftfart Maritim-Dekk Maritim-Maskin Anna
Anna	Grøne fag Mat og drikke Religion Skjønnheitspleie Anna

Kjelde: NOKUT

2.3 Digital løysing for vedleggsrapport

Vedlegg er tilgjengeleg på nettstaden <https://vedlegg.diku.no/trhyu/2021>. Alle referansar til vedleggstabellar i rapporten er lenka direkte til den aktuelle tabellen i den digitale løysinga. Dette fungerer best om rapporten blir lasta ned og lest i ein eigen dokumentlesar (til dømes Adobe). Om du nyttar nettlesar blir tabellane opna i det same vindauget og vil såleis ta deg bort frå rapporten. Det er òg mogleg å gå direkte til tabellane i ein nettlesar ved å skrive tabellnummer på slutten av nettadressa, til dømes /tabell/V3.1. Nettstaden med vedlegg kan nyttast uavhengig av rapporten og inneheld tabellar som ikkje er omtala i sjølve rapporten.

Alle tabellar kan lesast i nettlesar eller lastast ned som Excel-fil. Nokre tabellar har variasjonar, ein kan velje ønska vising i menyen øvst i tabellen.

3 Fagskulane

Fagskulemeldinga er tydeleg på ynsket om å etablere robuste fagskular som kan bidra til dei ambisjonane ein har for høgare yrkesfagleg utdanning. Dette ser vi no resultat av i utviklinga av fagskulane. Frå år til år blir det færre institusjonar, både i den offentlege og private delen av sektoren. For dei offentlege fagskulane ser vi at utviklinga heng tett saman med samanslåingar av fylkeskommunar i heile landet. I dette kapittelet skal vi sjå nærmare på tilstanden for og utviklinga i fagskulane i 2020.

3.1 Fagskular og studiestadar

Tabell 3.1 viser organisasjonsendringar i høgare yrkesfagleg utdanning i 2020. Fleire av organisasjonsendringane heng saman med fylkessamanslåingar. Det ser vi i Agder, Trøndelag, Vestfold og Telemark, og Viken fylke. Mest omfangsrike var samanslåingane i Trøndelag, kor sju fagskular blei til Trøndelag høgere yrkesfagskole. Organisatorisk var likevel samanslåinga i Viken meir kompleks. Der gjekk Fagskolen Tinius Olsen og Fagskolen i Østfold saman til Fagskolen i Viken, og fekk med Akershus-delen av Fagskolen Oslo og Akershus. Fagskolen Oslo Akershus blei elles døpt om til Fagskolen Oslo.

Tabell 3.1 Organisasjonsendringar 2020

Ny organisering i 2020	Tidlegare organisering	Eigarskap	Merknad
Fagskolen i Agder	Fagskolen i Kristiansand Sørlandets fagskole	Offentleg	Samanslåing
Fagskolen Kristiania AS	ESMOD Fashion Mode AS	Privat	Oppkjøp
AOF Fagskolen	AOF Fagskolen AOF Vestlandet	Privat	Samanslåing
Fagskolen Oslo	Fagskolen Oslo Akershus	Offentleg	Studielinjer til Fagskolen i Viken.
NKI Fagskoler AS	NKI Fagskoler AS Treider	Privat	Oppkjøp
Fagskolen Vestfold og Telemark	Fagskolen i Vestfold Fagskolen i Telemark	Offentleg	Samanslåing
Folkeuniversitetets Fagskole AS	Folkeuniversitetets helsefagskole Fagskole Helse og miljø	Privat	Samanslåing
KBT Fagskole		Privat	Ny
Gokstad akademiet		Privat	Ny
Fagskolen i Viken	Fagskolen Tinius Olsen Fagskolen i Østfold Studielinjer frå Akershus	Offentleg	Samanslåing
Trøndelag høgere yrkesfagskole	Levanger Fagskole Stjørdal fagskole Steinkjer fagskole Gauldal fagskole Chr.Thams fagskole Trondheim fagskole Ytre Namdal fagskole	Offentleg	Samanslåing
Astrologiskolen Herkules		Privat	Ny

Kjelde: NSD

Samanslåingar til større einingar finn ein òg blant dei private fagskulane. Studieforbundet AOF danna ei større eining ved å slå saman to tilbydarar av fagskuleutdanning. Det same finn ein hos Folkeuniversitetets Fagskole AS. I tillegg ser vi fleire oppkjøp blant dei private fagskulane. Treider blei en del av NKI Fagskoler i januar 2020, og ESMOD Fashion Mode blei ein del av Fagskolen i Kristiania i juli.

Vi ser dessutan at det har kome til fleire nye fagskular i 2020. KBT Fagskole fekk akkreditering for fagskuleutdanning innan helse- og rusarbeid, og Gokstad Akademiet er ny tilbydar innan økadm og IT-fag. Astrologiskolen Herkules starta opp i 2002, men blei først akkreditert som fagskule i 2019. Dei tok opp studentar til fagskuleutdanning for første gang i 2020.

Vi ser av [tabell 3.2](#) at det er store skilnader i kor mange fagskular og studiestadar det finnast i ulike delar av landet. Oslo er i ei særstilling og har flest fagskular, med 22. Trøndelag skil seg og litt ut, med 12 fagskular, men det er før den samanslåinga vi såg i 2020.

Når det gjeld talet på studiestadar er det store skilnader mellom fylket med færrest – Møre og Romsdal – med fire på den eine sida og Viken på andre med 31 studiestadar. Dette er for så vidt naturleg, gitt at fylka er så ulike i storleik. Bakgrunnsdataa viser ein markant auke frå 155 studiestadar i 2019, til 183 i 2020. Vi skal sjå nærmare på utviklinga over tid i [Figur 3.5](#). Her er det likevel naturleg å vise til at auken i talet på studiestadar skjer i stort sett heile landet, men er størst i enkelte fylke, som Vestland, Viken og Trøndelag. Auken heng særleg saman med dei samanslåingane som er vist i [tabell 3.1](#), gjennom at tidlegare fagskular blir studiestadar i dei nye fagskulane dei går inn i.

Tabell 3.2 Tal på fagskular og studiestadar per fylke


Fylke	Fagskular	Studiestadar
Agder	5	13
Innlandet	5	10
Møre og Romsdal	3	4
Nordland	1	11
Oslo	22	29
Rogaland	4	13
Troms og Finnmark	3	9
Trøndelag	12	25
Vestfold og Telemark	7	17
Vestland	4	21
Viken	7	31
Totalt	73	183

Kjelde: NSD

3.2 Storleiken på fagskulane

Figur 3.1 viser at det er ein sterk vekst i talet på studentar per fagskule. Dette heng saman med den generelle veksten i talet på studentar, samstundes som det blir færre fagskular. Medan det var i snitt 261 studentar per fagskule i 2019, auka talet til 381 studentar per fagskule i 2020. Dette er ei ynskt utvikling. Tanken er at større einingar skal gi «større fagleg tyngde og kapasitet i fagmiljøene, i studentdemokratiene og i ledelse og administrasjon, noe som på sikt vil bidra til økt kvalitet i utdanningen.» (Meld. St. 9 (2016-2017), s. 56).

Figur 3.1 Tal på fagskular og gjennomsnittlege tal på studentar per fagskule 2011–20




Vedlegg: V3.1

Kjelde: NSD

Figur 3.2 viser fagskular etter storleik i 2016 og 2020. I 2016 var det til dømes 32 fagskular med mellom 1 og 50 studentar, mens talet gjekk ned til 22 i 2020. Vi ser at det er nokre fagskular som har null registrerte studentar. Det er eit resultat av at vi inkluderer alle fagskular som var registrerte i løpet av 2020, men tel studentar i haustsemesteret. Tabellen i vedlegget fortel oss at dette i 2020 særleg var offentlege fagskular. Dette heng saman med samanslåingar av offentlege fagskular og oppkjøp blant private fagskular, jamfør og omtale over.

Som vi såg i figur 3.1 har talet på fagskular gått ned i tida mellom 2016 og 2020. Samanstillinga i Figur 3.2 viser at denne reduksjonen særleg har kome blant dei små og mellomstore fagskulane, mens det har blitt fleire store fagskular. Auken har vore størst mellom dei største fagskulane, frå tre fagskular med fleire enn 1 000 studentar i 2016, til ti slike fagskular i 2020. Dette må vi nok forstå både som eit resultat av konsolidering på institusjonsnivå og av den generelle auken i studentar i sektoren.

Figur 3.2 Fagskular etter storleik i 2020



Stolpane syner kor mange fagskular det var i dei ulike kategoriane i dei to åra, basert på kor mange studentar dei hadde.


Vedlegg: V3.2

Kjelde: NSD

I figur 3.3 ser vi fordelinga av fagskular ut over landet. Vi ser at jamvel om fire fagskular med over 1 000 studentar ligg i Oslo, er det elles ei tydeleg spreining: det finst fagskular med meir enn 1 000 studentar i sju fylke i landet. Elles kjem samanslåinga i Trøndelag tydeleg til synes i denne figuren, det er forklaringa på at fylket har så mange fagskular som er førte opp med 0 studentar.

Med tanke på hovudstaden sin storleik og vekt er det ikkje overraskande at Oslo har flest fagskular. Samstundes er det viktig å merke seg to ting. For det første har Oslo ein relativt høg andel av dei minste fagskulane; sju institusjonar i kategorien 1-50 studentar. For det andre er fleire av dei institusjonane som satsar på nettbaserte studium registrerte i Oslo. Det er viktig å vere klar over at den geografiske inndelinga her er basert på kva fylke fagskulane er registrerte i. Sidan ein stor andel av utdanningstilboda er nettbaserte, er det ikkje alltid eit samsvar mellom kva fylke fagskulane er registrerte i og kvar studentane bur. Vi skal sjå nærmare på den geografiske fordelinga av studentane i kapittel 5.1.

Figur 3.3 Tal på fagskular etter fylke og storleik



Stolpane syner kor mange skular det var i dei ulike kategoriane i kvart av fylka.

Vedlegg: V3.3


Kjelde: NSD

3.3 Eigarskap

Figur 3.4 viser samanhengen mellom utviklinga i talet på fagskular og studentar og skil mellom offentlege og private fagskular. Vi ser at utviklinga for fagskular og studentar peiker i same retning både blant dei offentlege og private, men det har tidvis vore litt ulike tendensar dei siste åra. I den private delen av sektoren var det ein tydeleg nedgang i talet på fagskular i den første delen av perioden, men denne utviklinga har flata ut dei siste åra. Blant dei offentlege fagskulane har nedgangen i talet på fagskular vore større dei siste åra. Figuren viser at det var 28 offentlege fagskular i 2020, men vi veit allereie at talet sank ytterlegare til 19 innan utgangen av 2020, sjå [tabell 3.1](#).

Øg når vi ser på tala for studentar ser vi at det er litt ulik utvikling blant studentar ved private og offentlege fagskular. Dei private fagskulane har opplevd svingingar frå vel 9 000 studentar attende i 2012, via vel 7 000 i 2016 til toppnoteringa på vel 12 000 i 2020. Vi ser at kurven blei tydeleg brattare det siste året. Studenttalet i dei offentlege fagskulane har hatt ei jamnare, aukande utvikling gjennom heile tiåret, men òg her ser vi ein kraftigare auke det siste året.

Figur 3.4 Fagskular og studentar etter eigarskap 2011–2020




Vedlegg: V3.4

Kjelde: NSD

Vi ser av figur 3.5 at det var ein kraftig auke i talet på studiestadar i høgare yrkesfagleg utdanning i 2020. Samla tal på offentlege og private studiestadar – 183 – er det høgaste som er registrert dei siste ti åra, jf. vedleggstabell V3.5. Utviklinga gjeld både for private og offentlege fagskular. Som vi såg i tabell 3.1 heng dette saman med samanslåingar av fagskular. At dei fusjonerte fagskulane består som studiestadar bidrar til ei geografisk spreining av utdanningstilbod, noko som er viktig i ein sektor der om lag to tredelar av studentane studerer på deltid ved sida av jobb. Ikkje alle utdanningstilbod eignar seg som nettbaserte tilbod. Då blir talet på studiestadar eit mål på kor tilgjengeleg høgare yrkesfagleg utdanning er for arbeidstakarar som treng påfyll av kompetanse.

Figur 3.5 Studiestadar ved offentlege og private fagskular 2011–2020




Vedlegg: V3.5

Kjelde: NSD

I figur 3.6 ser vi kor mange offentlege og private fagskular som har eit tilbod innan dei ulike utdanningskategoriene. Vi ser tydeleg at offentlege fagskular dominerer i kategoriene teknisk og samferdsel, medan det er ein stor dominans av private fagskular i økadm og kreativ. Figuren syner oss og at kategoriene helse- og velferd og uoppgitt fordeler seg nokså jamt mellom private og offentlege fagskular. Vi såg i metodedelen at kategorien uoppgitt særleg er sett saman av studietilbod under 30 studiepoeng.

Figur 3.6 Fagskular etter fagområde og eigarskap




Kvar fagskule kan vere representert i fleire fagområde.

Vedlegg: V3.6

Kjelde: NSD

Figur 3.7 Geografisk plassering av offentlege og private fagskular 2020



MedLearn AS har berre nettbasert utdanningstilbod og er markert i Oslo. Femten fagskular som er markert på kartet har også nettbaserte utdanningar som ikkje er markert i kartet.

Vedlegg: V3.7

Kjelde: NSD (<https://fagskole.nsd.no/stat/andre/kart>)

4 Utdanningstilbodet

Regjeringa har som mål at høgare yrkesfagleg utdanning skal vere tilgjengeleg. Talet på utdanningstilbod er eit mål både på aktiviteten i sektoren generelt og på kor tilgjengeleg utdanningane er. Vi skal sjå at talet på utdanningstilbod har vokse kraftig dei siste par åra, i kapittel 4.1. I kapittel 4.2 ser vi nærmare på lengda av studietilboda innanfor ulike fagområde. Tilgjengelegheit kan bli realisert på fleire måtar, som ved at utdanninga er geografisk tilgjengeleg der folk bur. Vi såg på den geografiske fordelinga av skular og studiestadar i kapittel 3, men skal kome meir inn på geografisk distribusjon av utdanningstilboda her, i kapittel 4.3. Eit anna mål på tilgjengelegheit er omfanget av deltidsstudium, slik at ein kan ta utdanninga samstundes med jobb. Vi ser på tilhøvet mellom heil- og deltidsstudium i kapittel 4.4. Digitalisering er òg ein måte å gjere utdanningar tilgjengelege på, vi ser nærmare på auken i nettbaserte tilbod på slutten av dette kapittelet, i kapittel 4.5.

4.1 Variasjonar i fagområde og studielengd

Tabell 4.1 viser utviklinga i utdanningstilbod frå 2016 til 2020. Helse og velferd dominerer sammen med tekniske fag. Samla utgjør dei meir enn 60 prosent av alle fagtilboda i sektoren. Dette er omtrent på same nivå som i 2019. Vi ser at utvikling i det samla talet på utdanningstilbod i botnlinja formar ein U-kurve, frå 1 333 tilbod i 2016 via 924 tilbod i 2018 attende til 1 330 tilbod i 2020. Det har vore ein auke innan alle fagområda frå 2019 til 2020. Størst har auken vore innanfor kategoriane økadm og anna, høvesvis 26 og 24 prosent auke frå året før. Talet på utdanningstilbod i økadm er likevel vesentleg lågare enn i 2016.

Tabell 4.1 Utdanningstilbod etter fagområde per år 2016–2020

Kategori	2016	2017	2018	2019	2020
Helse og velferd	359	354	295	403	437
Kreativ	190	150	128	136	142
Samferdsel	52	44	43	51	54
Teknisk	317	300	269	337	379
Økadm	375	156	153	190	240
Anna	40	35	36	46	57
Uoppgitt					21
Totalt	1 333	1 039	924	1 163	1 330

Kjelde: NSD

Tabell 4.2 syner kva fagskular som har fagområdeakkreditering og innanfor kva fagområde. Talet på skular med akkreditering er det same som året før, men det har likevel vore ei viss utvikling. Fagområdeakkreditering gir fagskulane større sjølvstende og fleksibilitet til å utarbeide tilbod som arbeidslivet treng. Ei slik akkreditering inneber òg eit styrka system for kvalitetskontroll. Det er difor interessant å sjå på kva fagområde det er gitt flest fagområdeakkrediteringar på. Det er inga overrasking at det er innan dei to store fagområda, helse og velferd og tekniske fag, at ein finn flest fagområdeakkrediteringar.

Helse og velferd er det mest populære fagområdet for slik akkreditering. Fem av dei åtte skulane som har fagområdeakkreditering har det innan helse og velferd. Fagskolen Østfold og Fagskolen Tinius Olsen hadde begge slik akkreditering i tekniske fag. Dei er no begge ein del av Fagskolen i Viken. Fagskolen MedLearn er ny av året med ei akkreditering innan helse og oppvekst. I tillegg har Fagskolen Innlandet fått akkreditering for teknologifag i tillegg til den akkrediteringa for bygg- og anleggsteknikk dei hadde i frå før.

Tabell 4.2 Fagskular med fagområdeakkreditering

Fagskule	Fagområde
AOF Fagskolen	Helse og oppvekst
Bårdar Akademiet	Kommersiell scenekunst – tolking og formidling
Fagskolen i Viken	Helse Teknisk
Fagskolen Innlandet	Teknologifag Bygg- og anleggsteknikk
Fagskolen Kristiania AS	Økonomi og administrasjon Helse og oppvekst Design, kommunikasjon og teknologi
Fagskolen MedLearn	Helse og oppvekst
Norges grønne fagskole - Veia	Grønne design- og miljøfag
Studieforbundet AOF Norge	Helse og oppvekst

Kjelde: NOKUT

Som ei oppfølging av Stortingsmeldinga *Fagfolk for fremtiden* (Meld. St. 9 (2016-2017)) blei det oppretta ein pris for utdanningskvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning. Føremålet med Utdanningskvalitetsprisen er å honorere framifrå arbeid med utdanningskvalitet og stimulere institusjonane og fagmiljøa til systematisk arbeid med å vidareutvikle kvaliteten i utdanningane sine. Prisen på ein million kroner, blei for første gong delt ut i 2017 og er nå ei årleg hending. Vinnaren står fritt til å disponere pengane etter ynske og behov ved fagskulen.

Diku forvaltar utdanningskvalitetsprisen. For å gjere sektoren meir attraktiv for både studentar og arbeidslivet er det eit mål å spreie informasjon om kvalitetsarbeidet som blir gjort, og om prisen i sektoren. Vinnaren av utdanningskvalitetsprisen skal derfor delta på eit arrangement i regi av Diku for å medverke til å auke medvit rundt prisen og dei gode prosjekta.

I 2020 gjekk prisen til kompetansehevingsprosjektet «Eg e-lærer» ved Fagskolen i Hordaland. Prosjektet er ei satsing på utvikling av digital og nettpedagogisk kompetanse for å møte behovet for fleksibel og digitalt oppdatert høgare yrkesfagleg utdanning av høg kvalitet. Prosjektet var delt i to trinn. Først investerte fagskulen i nye digitale verktøy og verktøykompetanse for å gi betre tekniske føresetningar for nye læringsmoglegheiter. Deretter var det fokus på å styrke den nettpedagogiske- og fagdidaktiske bruken av IKT i læring og undervisning. Prosjektet har styrka læringa i lærarkollegiet og skapt refleksjonar omkring kva utdanningskvalitet er, samstundes som det har blitt klart kva moglegheiter og avgrensingar som ligg i digitale undervisningssituasjonar.


Kjelde: Diku

4.2 Fagskulegradar og studiepoeng

Figur 4.1 har nye kategoriar i årets tilstandsrapport, som vi var inne på i kapittel 2.1. Figuren viser store skilnader mellom dei ulike fagområda. Tekniske fag er dominert av utdanningstilbod som gir høgare fagskulegrad, medan helse og velferd er dominert av tilbod som gir fagskulegrad. Høgare fagskulegrad er elles vanleg i kreative fag og samferdsel. I økadm ser vi at det er ei nokså jamn fordeling mellom fagskulegrad og utdanningar mellom 30 og 59 studiepoeng. Det same gjeld for utdanningstilbod i kategorien anna. Kategorien uoppgitt er som venta dominert av studietilbod under 30 studiepoeng.

Vedleggstabell V4.1 syner at fagskulegrad og høgare fagskulegrad er dei dominerande einingane, med høvesvis 593 og 420 av dei til saman 1330 utdanningstilboda i sektoren. Dette heng saman med den posisjonen dei har i dei store fagområda helse og velferd og teknisk, som vi kan sjå av Figur 4.1.

Figur 4.1 Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng, haust 2020




Vedlegg: V4.1

Kjelde: NSD

4.3 Geografisk fordeling

Figur 4.2 syner at fagtilbodet varierer sterkt i dei ulike fylka. Figuren gir eit bilete av den prosentvise fordelinga av studentar innanfor dei ulike fagområda. Vi ser at i dei fleste fylka er fagområde tekniske fag og helse og velferd minst to tredelar av studietilbodet. Tre fylke skil seg likevel ut. Oslo har eit mykje meir samansett studietilbod, noko som heng saman med at fleire reine nettbaserte tilbod som dekkjer heile landet er lokalisert i Oslo. Nordland og Møre og Romsdal er dei to fylka med færrest fagskulestudentar, noko som nok påverkar prosentfordelinga.

Figur 4.2 Studentar i prosent, fordelt på fagområde og fylke



Vedlegg: V4.2

Kjelde: NSD

I figuren er dei reint nettbaserte tilboda sorterte for seg sjølve. Dette fordi dette er utdanningstilbod som i prinsippet ikkje er geografisk avgrensa til det fylket der tilbodet blir gitt. Vi ser at økadm dominerer blant dei nettbaserte tilboda, men at helse og velferd òg er godt representert. Samferdsel og anna fag har ingen nettbaserte tilbod.

4.4 Studium på heil- og deltid


Eit viktig poeng i høgare yrkesfagleg utdanning er at utdanninga skal vere attraktiv og tilgjengeleg for folk i jobb. Difor er det ikkje overraskande at deltid dominerer mellom studietilboda i høgare yrkesfagleg utdanning. I vedlegg V4.3 ser vi at to tredelar av dei 1 330 studietilboda i 2020 var deltidsstudium. Samanlikna med tala frå 2019 er det ein auke i deltidsdelen på nesten tre prosentpoeng. I kapittel 5.3 ser vi òg nærare på fordelinga av studentar i høve heiltid og deltid.

Figur 4.3 viser store skilnadar i tilbod på heiltid og deltid mellom dei ulike fagområda. Innanfor samferdsel og kreative fag er det ei klar overvekt av heiltidsstudium, medan helse og velferdsfaga er heilt dominerte av deltidsstudium. Helse og velferdsfaga er så store at deira tilbod utgjør ein tredel av alle studietilboda i sektoren, og tar ein bort dei blir fordelinga mellom heiltid og deltid nesten heilt jamn for dei andre fagområda.

At helse og velferdsfaga er så dominert av deltidsstudiar kan truleg forklarast både med arbeidslivets behov og studentanes val. I helsesektoren er det som kjent ikkje overskot på kvalifisert arbeidskraft, noko som kan påverke i kva grad ein kan få permisjon for å studere på heiltid. I tillegg, som vi skal sjå i figur 5.7, har tre firedelar av studentane innan dette fagområdet passert 30 år, noko som kan tilseie at dei i større grad har familie og fast jobb, som igjen kan påverke valet om å studere på deltid.

På grunn av omlegginga til ny klassifisering av utdanningstilboda, er det ei utfordring å samanlikne dei ulike fagområda med tidlegare år. Likevel er det tydeleg at det har vore ganske grunnleggjande endringar i dei tekniske faga. I 2019 var det ei lita overvekt av heiltidsstudium i denne tilsvarande kategorien, no ser vi av figur 4.3 at vektbalansen har skifta i retning av ei tydeleg overvekt av deltidsstudium i dei tekniske faga. Det er mogleg at koronatiltaka har bidratt til deler av denne utviklinga. I tillegg har data/IT-fag blitt passert i dette fagområdet med den nye kategoriseringa. Her er nesten halvparten av utdanningstilboda på deltid. Dei endringane vi ser her er likevel meir omfattande enn det som kan forklarast av desse to momenta åleine. Vi kan identifisere ein tilsvarande trend i retning av fleire deltidsstudium innanfor økadm, sjølv om det der var ei overvekt av deltidsstudium òg i 2019.

Figur 4.3 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde, haust 2020




Vedlegg: V4.3

Kjelde: NSD

4.5 Stad- og nettbaserte utdanningar

Stadbasert utdanning, der undervisninga går føre seg på campus, er den mest vanlege forma for organiseringa av undervisning i høgare yrkesfagleg utdanning. Det ser vi av figur 4.4. Vi ser at dette gjeld for stort sett alle utdanningskategoriane. I kategorien anna – som inkluderer ymse fag som skjønnheitspleie, grønne fag, mat og drikke og religion – er det ei marginal overvekt av dei to utdanningsformene som inkluderer nettbasert undervisning: den reine nettundervisninga og nettundervisning kombinert med samlingar. Samlingsbasert undervisning er mest vanleg blant dei tekniske faga, medan det er dei økonomisk-administrative faga som har den største delen med reint nettbasert undervisning.

Figur 4.4 Talet på studietilbod innanfor ulike utdanningsformer etter fagområde



13 studiar som sakna informasjon om enten utdanningsform eller utdanningskategori har blitt utelatne frå figuren.


Vedlegg: V4.4

Kjelde: NSD

Det har vore stor utvikling i tilhøvet mellom dei ulike utdanningsformene, som vi kan sjå av figur 4.5. I 2016 følgde 64 prosent av studentane i høgare yrkesfagleg utdanning stadbasert undervisning, i 2020 er denne delen redusert til 50 prosent. Vi ser av figuren at auken i studentar på nettbasert undervisning har kome både innanfor kategorien nettbasert med samlingar og reine nettbaserte undervisningstilbod. Den største auken kom i 2020 og det er naturleg å sjå dette i samanheng med koronapandemien og tiltaka for å lette på konsekvensane av denne. Det er lettare å oppskalere nettbaserte utdanningstilbod på kort varsel enn dei som krev oppmøte.

Vedleggstabell V4.5 syner at eigarskap er avgjerande for utdanningsform. Rein nettbasert undervisning er totalt dominert av private fagskular (89 prosent av studenttalet i denne kategorien), medan nettbaserte tilbod med samlingar er dominerte av offentlege institusjonar (90 prosent av studenttalet i denne kategorien). Talet på studentar som følgjer stadbasert undervisning er ganske jamt fordelt mellom offentlege og private institusjonar, med ei lita overvekt for dei private – 58 prosent av dei studentane som følgjer stadbaserte undervisningstilbod er knytte til private institusjonar.

Figur 4.5 Studentar etter utdanningsform 2016–2020



For 374 studentar på studietilbod under 30 studiepoeng i 2020 var det ikkje data om utdanningsform, desse er derfor ikkje med i figuren.

Vedlegg: V4.5

Kjelde: NSD

På oppdrag frå Diku har ideas2evidence gjennomført ei kartlegging av kva føresetnader utdanningsinstitusjonar og undervisarar i høgare yrkesfagleg utdanning har for å tilby nett- og samlingsbaserte utdanningar av høg kvalitet (Skutlaberg, Eikrem, & Nordhagen, 2021). Kartlegginga må sjåast i samanheng med at stadig fleire høgare yrkesfaglege utdanningar blir tilbydde som nett- og samlingsbaserte studium, og at det er stor merksemd på å utvikle fleksible studietilbod for vaksne av høg kvalitet.

Kartlegginga gir på den eine sida kunnskap om undervisarane sin kompetanse, praksis og haldningar til nettbasert undervisning. På den andre sida viser kartlegginga utdanningsinstitusjonane si tilnærming til å tilby nett- og samlingsbasert utdanning, som institusjonell forankring og leiging av digitaliseringsprosessar, og korleis skulane legg til rette for kompetanseutvikling og for å støtte undervisarane både teknisk og pedagogisk i undervisningskvardagen. I tillegg gjev kartlegginga kunnskap om kva undervisarar og fagskular har bruk for av kompetansehevingstilbod og andre former for støtte frå styresmaktene.

Eit hovudfunn frå kartlegginga er at ein firedel av dei som underviser på nett har formell nettpedagogisk kompetanse. Delen har auka betydeleg dei siste to-tre åra, noko som indikerer at fagskulane har auka satsinga på formalkompetanse i nettpedagogikk. Samstundes vurderer ideas2evidence at sjølv om pedagogisk kompetanse til å tilby nett- og samlingsbasert utdanning har auka dei siste åra, bør kompetanseheving framleis prioriterast i åra som kjem. Svært mange av undervisarane ynsker meir kompetanse, og mange er motiverte for å vidareutvikle nett- og samlingsbaserte utdanningar. Å vidareutvikle kompetansen inneber ikkje berre å tilby fleire undervisarar opplæring, men også å sikre at kvaliteten på opplæringa som blir tilbydd er relevant og av høg kvalitet.

Vidare meiner ideas2evidence at trass i fleire positive funn når det gjeld arbeidet som blir gjort på institusjonane, har mange av utdanningsinstitusjonane framleis ein veg å gå i arbeidet med å legge til rette for høg kvalitet i nett- og samlingsbaserte utdanningar. Innsatsen i tida som kjem bør særleg rettast mot kompetanseutvikling og å sikre tenlege støttesystem for pedagogisk og didaktisk råd og rettleiing. Eit viktig innspel frå skuleleiarane er for at det trengs fleire praktisk-pedagogiske utdanningar som er tilpassa undervisning i høgare yrkesfagleg utdanning, der kurs i nettpedagogikk er integrert.

Kjelde: Diku


5 Studentane

5.1 Studentar og studiepoeng

Hausten 2020 var det 23 279 studentar i høgare yrkesfagleg utdanning. Dette er ein auke på 4 980 studentar frå året før. Auken i studenttal skuldast i hovudsak at Stortinget gjorde vedtak om tilskot til nye studieplassar, men vi ser òg ein stor auke hos enkelte private fagskular som ikkje får statleg tilskot. I tillegg kjem framveksten av studietilbod under 30 studiepoeng, som i stor grad har vore prosjektfinansiert.

Figur 5.1 viser tal på studentar og studiepoengeiningar fordelt på offentlege og private fagskular for haustsemesteret i perioden 2013–2020. Ei studiepoengeining (SPE) svarar til 60-studiepoeng, og eitt år studium på fulltid. Veksten i talet på studentar i høgare yrkesfagleg utdanning har vore stor dei siste åra, særskilt frå 2018. I 2020 har veksten i studenttalet ved dei private fagskulane vore klart størst, som omtala i kapittel 3.3.

Figur 5.1 Tal på studentar og studiepoengeiningar fordelt på offentlege og private fagskular. 2013–2020



Vedlegg: V5.1

Kjelde: NSD

Når vi ser på produksjon av studiepoeng ser vi mindre skilnader mellom offentlege og private fagskular. Studentar ved offentlege fagskular avla 5 396 SPE, medan studentar ved private fagskular avla 5 890 SPE. Både auken i talet på studentar og avlagde SPE ved private fagskular heng i stor grad saman med auka offentleg finansiering – fleire tilbod som tidlegare blei finansiert av studentbetaling blei i 2020 gratis. Fleire fagskular melde om ein enorm auke i talet på søkarar i samband med at dei kunne tilby utdanningar gratis, som til dømes Fagskolen Kristiania og TISIP.


Nokre private fagskular har likevel hatt ein stor auke uavhengig av tilskot. Dette gjeld særleg Noroff Fagskule med ein auke på 38 prosent (opp til 2 268 studentar) frå 2019 til 2020. NKI Fagskoler er ein av dei andre store private fagskulane utan offentleg tilskot, og dei hadde ein auke på 24 prosent, opp til 1 413 studentar. Fleire andre private fagskular har òg hatt ein stor relativ vekst, men med utgangspunkt i færre studentar. Sjå vedlegg V6 for detaljar på fagskulenivå.

Figur 5.2 viser tal på studentar fordelt på fylke hausten 2020. Studentar som tar studietilbod med berre nettbasert undervisning er plassert i ein eigen kategori ettersom slike tilbod rekrutterer studentar uavhengig av bustad, og tilhøyrse til fylke er mindre relevant. Det var 5 238 studentar ved nettbaserte tilbod i 2020, og av desse var 4 672 studentar ved private fagskular. Til samanlikning var det 3 323 studentar registrert ved nettbaserte studiar i 2019. Utviklinga frå 2019 til 2020 inneber ein auke på 17 prosent.

I ei studie av effektane av korona-pandemien for universitets- og høgskulesektoren nemner NIFU at negative erfaringar med tvungen overgang til nettundervisning kan gi ein pendeleffekt der nettundervisning vil bli mindre ettertrakta når behovet for smittevern ikkje lenger er til stades (Solberg, et al., 2021). Det er likevel ikkje sikkert at dette vil vere tilfellet for høgare yrkesfagleg utdanning, då denne sektoren har ei ganske annleis gruppe studentar. Det er òg ein sektor med lengre tradisjonar for fleksible utdanningstilbod for folk som er i arbeid ved sidan av utdanninga. Auken vi ser i talet på studentar på nettbaserte tilbod i 2020 kan derfor vere eit teikn på ein trend som vil fortsette.

Som det går fram av figur 5.2 er det stor variasjon i talet på studentar mellom dei ulike fylka. Oslo har det høgaste talet studentar med 3 815 studentar på stad- eller samlingsbaserte studiar. Eit fleirtal av desse studerer ved private fagskular. Deretter fylgjer Viken med 2 720 studentar og Vestland med 2 492. Nordland fylke har det lågaste studenttalet med 327 studentar, men har nokre hundre studentar i kategorien nettbaserte tilbod, som vi skal sjå av figur 5.3.

Figur 5.2 Tal på studentar etter fylke og eigarskap. Studentar på nettbaserte tilbod i eigen kategori. 2020




I desse tala er 728 studentar på studietilbod under 30 studiepoeng ikkje tatt med på grunn av manglande data.

Vedlegg: V5.2

Kjelde: NSD

Fordelinga av studentar etter kvar dei studerer kan supplerast med eit bilete av kvar dei er busett. I figur 5.3 har vi kryssa studentdata med informasjon om registrert bustad for den einskilde student. Sjølv om det kan være vanleg at ein som student flyttar til ein anna by utan å melde flytting, er det gode grunnar til å tru at dette er mindre vanleg for fagskulestudentar enn for andre studentar, mellom anna fordi mange har familie og er i jobb ved sidan av studiane.

Figur 5.3 Studentar etter registrert bustadfylke og utdanningsform, 2020



Vedlegg: V5.3

Kjelde: SSB

I figuren ser vi mellom anna kvar studentane på nettbaserte studiar er busett. Vi ser at det er flest nettstudentar busett i Viken, Vestland, Oslo og Trøndelag – fylka der talet på studentar generelt er høgast. Vidare ser vi at talet på studentar på samlingsbaserte tilbod er klart høgast i Vestland fylke, etterfølgt av Trøndelag og Rogaland. Nordland er det einaste fylket der studentar på stadbasert utdanning ikkje utgjer fleirtalet – der er det flest studentar på samlingsbaserte tilbod blant dei med bustadadresse i fylket. Troms og Finnmark har ei tilnærma lik fordeling av studentar mellom dei ulike utdanningsformane.

Ikkje overraskande kan vi sjå at delen studentar på stadbaserte utdanningar er størst i austlandsfylka frå Innlandet og ned til Agder. I andre delar av landet der busettinga er meir spreidd, er òg delen studentar på nettbaserte og samlingsbaserte tilbod høgare. Ein oversikt over studentar etter bustad- og studiefylke kan sjåast i vedlegg V24.

5.2 Fordeling av studentar på fagområde

Talet på studentar har auka markant dei siste åra i høgare yrkesfagleg utdanning, og auken speglar seg i alle fagområde. Økadm skil seg ut med ein auke på 1 669 studentar frå 2019 til 2020, ein auke på heile 85 prosent. Tekniske fag har hatt ein auke på 30 prosent, eller om lag 1 450 studentar, medan helse- og velferdsfaga har auka med 17 prosent, og dei kreative faga med 13 prosent. Samferdsel hadde ein auke på åtte prosent, medan kategorien anna gjekk ned med sju prosent. Ein nedgang i talet på studentar innan ein kategori, enten han er reell eller relativ, treng ikkje være ei negativ utvikling, då slike variasjonar kan spegle endra behov i arbeidslivet.

Tabell 5.1 Tal på studentar per fagområde. 2016–2020

Fagområde	2016	2017	2018	2019	2020
Helse og velferd	3 292	3 862	4 286	5 010	5 853
Kreativ	2 244	2 250	2 188	2 205	2 486
Samferdsel	1 261	1 294	1 352	1 480	1 592
Teknisk	6 111	6 183	6 624	7 156	8 610
Økadm	1 691	1 658	1 759	1 966	3 635
Anna	462	443	492	482	449
Uoppgitt	0	0	0	0	654
Total	15 061	15 690	16 701	18 299	23 279


Kjelde: NSD

Den store auken i økadm-faga skuldast i stor grad auken i tilskot til nye studieplassar i 2020. Meir enn 20 prosent av det auka tilskotet i 2020 gjekk til utdanningstilbod innan denne kategorien, i følgje rapporteringa frå fylkeskommunane til NSD. Økadm er eit fagområde som er relevant for mange ulike yrkesgrupper, og har derfor eit særleg stort grunnlag for rekruttering. I tillegg veit vi at fleire av utdanningstilboda i dette fagområdet er kortare, nettbaserte tilbod, noko som passa godt med behov for raske tiltak i samband med pandemien i 2020. Tilstandsrapporten for høgare utdanning viser ei tilsvarande utvikling i økadm-faga (Diku, 2021, s. 26).

Våren 2020 blei fylkeskommunane og fagskulane bedne om å undersøke arbeidslivet sitt behov for kompetanse og fagskulane sin kapasitet, i samband med pandemien og den store auken i permitteringar. Fordelinga av nye studieplassar, og auken i talet på studentar, speglar nok derfor at fylkeskommunane og fagskulane gjer ein god jobb i å vurdere kompetansebehovet i samarbeid med arbeidslivet, og at fagskulane på kort tid klarar å omstille seg og levere utdanningstilbod etter behova.

Av det samla studenttalet hausten 2020 var 62 prosent av studentane innan dei to største fagområda – tekniske fag (37 prosent) og helse- og velferdsfag (25 prosent), jamfør figur 5.4. Prosentdelen studentar innan desse to fagområda har likevel gått ned, trass i ein vekst i reelle tal. Dette skuldast særleg at veksten innan økadm-faga har vore mykje større, som omtala over. Prosentdelen studentar innan dette fagområde har auka med fem prosentpoeng frå 2019, og utgjer om lag 15 prosent av alle studentar i sektoren.

Figur 5.4 Andel studentar etter fagområde. 2016–2020



Vedlegg: V5.4

Kjelde: NSD

Av faga som inngår i området tekniske fag er det særleg eitt fag som skil seg ut i høve til vekst, og det er data- og IT-fag. I dette området har det vore ein auke frå to prosent av det totale studenttalet i 2016, til meir enn seks prosent i 2020.

I helse- og velferd-faga ser vi òg at prosentdelen studentar i oppvekstfaga har auka frå om lag to til seks prosent av det totale studenttalet frå 2016 til 2020, medan prosentdelen helsefagstudentar er noko redusert.

For samferdsselfaga ligg utviklinga nokon lunde jamt, sett i høve til det totale studenttalet. Dette tydar at fagområdet veks omlag i takt med den samla sektoren. I denne kategorien er det særleg fag innan luftfart som har auka sin relative andel av studentane. Dei maritime faga og jernbaneutdanninga ligg jamt i tal på studentar, og går derfor noko ned i relative tal når det er vekst samla sett i sektoren.


Dei kreative faga har ein markant nedgang i relativ andel av studenttalet. Dette skuldast at talet på studentar i desse faga er stabil over tid, medan sektoren som heile, og då særleg økadm-faga, aukar mykje. Frå 2016 til 2020 auka talet på studentar i kreative fag med om lag 240 studentar.

For ei oversikt over utviklinga over studentar fordelt på offentlege og private fagskular kan ein sjå kapittel 3.3.

5.3 Studentar på heiltid og deltid

Som det går fram av figur 5.5 er deltidsstudiar den mest vanlege studieforma i alle dei tre største fagområda. I helse- og velferdsfaga er så å seie alle studentane deltidsstudentar, medan økadm-faga har 83 prosent deltidsstudentar og tekniske fag har 67 prosent. I tekniske fag er deltid mest utbreidd i bygg og anlegg, medan data/IT og petroleum i større grad har heiltidsstudentar. I økadm-faga er det eit skilje mellom marknadsføring der heiltid er mest utbreidd, medan leiing, kontor, løn og rekneskap i hovudsak har deltidsstudentar. I kategorien anna, der vi mellom anna finn dei grønne faga, er nær 70 prosent av studentane deltidsstudentar.

Figur 5.5 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde. 2020



Vedlegg: V5.5

Kjelde: NSD

Dei kreative faga og samferdsselfag skil seg markant ut i denne samanhengen. Ingen studentar innan samferdsel var studentar på deltid i 2020, og berre åtte prosent av studentane innan kreative fag studerte på deltid.

Den høge andelen studentar på deltid kan ikkje berre sjåast som eit uttrykk for den enkelte studentens val, men òg som eit uttrykk for arbeidslivet sitt behov og fagskulane sine tilbod. Arbeidslivet er avhengig av høg og oppdatert kompetanse, og befolkninga må i aukande grad lære heile livet. Dette fordrar at utdanningsinstitusjonar legg til rette for kompetanseheving for folk som først og fremst er arbeidstakarar og familiefolk, og dernest studentar. Med ein studentmasse der heile to tredelar studerer på deltid, kan ein godt seie at fagskulane er *arbeidslivets skule*.

Ikkje overraskande er det studentar innan tekniske fag og helse- og velferdsfaga, som er i arbeid og vel å vere deltidsstudentar. Opptaksgrunnlaget for desse studentane er i hovudsak yrkesfagleg utdanning med læretid og fagbrev. Litt meir overraskande er det kanskje at prosentdelen unge deltidsstudentar innan økadm-faga er på om lag 50 prosent i gruppa 20–24 år. Dette kan tyde på at ein del økadm-fag treff kompetansebehova til unge vaksne som allereie er i arbeid.

I tabell 5.2 ser vi fordeling av studentar på heiltid og deltid etter alder. Sjølv om tala viser ein samanheng mellom høgare alder og studiar på deltid, er det interessant at meir enn 30

prosent av studentane mellom 20 og 24 år òg er deltidsstudentar – stort sett på samlingsbaserte og stadbaserte tilbod. Dette tyder på at sjølv unge folk, som har færre forplikningar og truleg kunne vald å vere heiltidsstudent om dei ønskte det, er i jobb og ynsker å behalde tilknytninga til arbeidslivet. Sjå vedlegg V25 for detaljar om studentar etter utdanningsform, andel av heiltid og alder.

Tabell 5.2 Fordeling av studentar på heiltid og deltid etter alder. 2020

Alder	Studentar på deltid	Andel deltid per aldersgruppe	Studentar på heiltid	Andel heiltid per aldersgruppe	Ukjend	Total
Under 20	38	8,6 %	405	91,2 %	1	444
20-24	2 066	33,9 %	4 017	65,9 %	16	6 099
25-29	3 021	64,7 %	1 607	34,4 %	42	4 670
30-34	2 825	78,4 %	703	19,5 %	76	3 604
35-40	2 704	84,3 %	428	13,3 %	77	3 209
41-50	2 969	88,9 %	251	7,5 %	121	3 341
Over 50	1 129	88,1 %	91	7,1 %	62	1 282
Total						22 649

Kjelde: NSD

Med det stadig sterkare fokuset på fleksibel og livslang læring kan vi truleg vente å sjå ein auke i talet på deltidsstudentar i framtida. Fagskulane har ei auka merksemd på moglegheita til å tilby enkeltemnar frå allereie akkrediterte utdanningar. I tillegg vil vedtaket om å fjerne 30-studiepoengsgrensa for utdanningstilbod legge rette for at korte tilbod under 30 studiepoeng skal auke.

Vidare har ein gjennom erfaringar frå bransjeprogramma og programmet for industri og bygg fremja ei ny tilnærming til kompetansebehov til fagarbeidarar. Basert på ei lokal kartlegging av kompetansebehov saman med bedriftsleiing og tillitsvalde, blir det oppretta korte og tidsavgrensa tilbod spissa mot dei lokale behova og tilhøva, og arbeidstakaranes behov for fleksibilitet.

Gjennom treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling samarbeider staten og partane i arbeidslivet om å auke deltakinga i kompetanseutviklinga innan utvalde bransjar. Partane i arbeidslivet har ansvaret for å definere kompetansebehova i bransjen og vurdere det faglege innhaldet i opplæringstilboda. Opplæringstilboda skal kunne gjennomførast i kombinasjon med arbeid.

Målet er at tilsette, permitterte og ledige i bransjar som treng omstilling får naudsynt kompetanse til å meistre endringane og bli ståande i arbeid.

Ordninga som blir forvalta av Kompetanse Noreg, er eitt av fleire tiltak under regjeringa si kompetansereform *Lære heile livet* (Meld. St. 14 (2019-2020)). Fagskular og andre utdanningstilbydarar kan søke om tilskot til utvikling av nye kompetanseutviklingstilbod retta mot ti ulike bransjar:

- Anlegg
- Detalj- og faghandel
- Elektro, automasjon, kraft- og fornybarnæringa
- Frisørnæringa
- Industri- og byggenæringa
- Kommunal helse- og omsorgssektor
- Maritim næring (oppretta i 2021)
- Mat- og drikkevareindustri
- Olje-, gass og leverandørindustri
- Reiselivsnæringa

I 2020 blei det tildelt om lag 47 millionar kroner til utvikling eller drift av fagskuletilbod innanfor anlegg, detalj- og faghandel, kommunal helse- og omsorgssektor, elektro-, automasjon, kraft- og fornybareenerginnæringa og bygg og industri. Om lag 26 millionar kroner av desse midlane gjekk til utvikling eller drift av bransjeprogrammet for industri og bygg.

Totalt tildelte Kompetanse Noreg 165 millionar kroner til bransjeprogram i ulike utdanningssektorar i 2020. Det blei oppretta til saman over 22 000 studietilbod på ulike utdanningsnivå retta mot dei ti bransjane.

Kjelde: Kompetanse Noreg


5.4 Kjønn og alder etter fagområde

Samla sett er kjønnsfordelinga blant studentar i høgare yrkesfagleg utdanning ganske jamn. Hausten 2020 var 47 prosent kvinner og 53 prosent menn. Sett i høve til situasjonen i 2016 går utviklinga i klar retning av ei meir lik fordeling, då det i 2016 var 58 prosent menn og 42 prosent kvinner.

Samstundes er det framleis store kjønnskilnader innan dei einiskilde fagområda – skilnader som i all hovudsak speglar den kjønnsdelte arbeidsmarknaden i Noreg. Innan dei to store fagområda, tekniske fag og helsefag, er skilnaden særleg stor.

Figur 5.6 viser dei store skilnadene i kjønnsfordeling innan ulike fagområde. Kvinner utgjer den største delen av studentar i alle fagområde med unntak av tekniske fag og samferdsel, som til gjengjeld har ein svært liten andel kvinner. Til dømes viser figuren at kring 90 prosent av studentane på tekniske fag og samferdsel var menn. Innan helse- og velferdsfaga er kvinner om lag 90 prosent av studentane.

Figur 5.6 Andel studentar etter kjønn og fagområde. 2016–2020



Vedlegg: V5.6

Kjelde: NSD

Trass i at dei store kjønnskilnadane framleis er tydelege i dei to største fagområda er det endring å spore i desse tala òg. *Andelen* kvinner i tekniske fag har nær dobla seg frå 2016 til 2020, i ei tid der det samla studenttalet har auka. Nær fire prosent av det samla studenttalet i 2020 – om lag 900 studentar – er kvinner på tekniske fag, mot to prosent av studenttalet i 2016 – om lag 300 studentar.

På same måte som kjønnsfordelinga er å kjenne att frå år til år, ser vi stabilitet i aldersfordelinga på studentane. Det er få eller ingen studentar under 20 år anna enn i dei kreative faga. Meir enn halvparten av alle studentane er over 30 år, omlag som i fjor. Til samanlikning er andelen studentar over 30 år ved universitet og høgskular på 32 prosent (Diku, 2021, s. 25).


Figur 5.7 viser prosentdel studentar etter alder for kvart fagområde. Her ser vi mellom anna at fagområda kreativ og samferdsel har ei særleg einsarta samansetning i alder, og at dei

fleste studentane i desse fagområda startar på fagskulen kort tid etter avslutta læretid eller anna vidaregåande opplæring.

Den overordna tendensen er den same som tidlegare år. Innan dei tekniske faga er det flest studentar i alderskategorien 20–24 år, men med tilnærma like mange studentar i aldersgruppa 25–29 år. Alle aldersgrupper er godt representert innan det tekniske fagområdet, men det er færre studentar i dei eldre aldersgruppene, og svært få studentar over 50 år i denne kategorien.

Innan helse- og velferdsfaga er det om lag tre gongar så mange studentar over 50 år, samanlikna med dei tekniske faga. Alderskategorien 41–50 år er størst innan helse- og velferdsfaga, men denne kategorien rommar òg fleire år enn dei andre kategoriane. Det er ingen studentar under 20 år. Elles er studentane jamt fordelt mellom dei resterande aldersgruppene.

Figur 5.7 Andel studentar etter alder og fagområde. 2020



Vedlegg: V5.7


Kjelde: NSD

Økadm-faga rekrutterer i stor grad studentar jamt frå dei fleste aldersgruppene, men noko færre blant dei eldre, tatt i betraktning at desse dekker fleire årskull.

I kategorien uoppgitt veit vi ikkje kva fagområde som er representert. Kategorien er ein samlekategori som her inneheldt studietilbod under 30 studiepoeng, som til dømes tilbod gjennom bransjeprogram for kompetanse. Her finn ein flest studentar i alderskategorien 41–50 år. Nest største alderskategori er 35–40 år. Tala tyder at kortare tilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning treff arbeidstakarar som har erfaring frå yrkeslivet, men treng påfyll av kompetanse.

Figur 5.8 viser andel studentar etter kjønn og alder. Dei kvinnelege studentane er nokså jamt fordelt i aldersgruppene, med ein liten overvekt i aldersgruppene 20–24 år og 41–50 år. Blant menn er variasjonen større. Det er absolutt flest menn i aldersgruppene 20–24 år og 25–29 år, noko som speglar fordelinga i dei tekniske faga. Om lag ein prosent av mennene er under 20 år. I aldersgruppa over 50 år er prosentandelen på fire for kvinner, men under to prosent for menn.

Figur 5.8 Andel studentar etter kjønn og alder



Vedlegg: V5.8

Kjelde: NSD

Det er ein klar samanheng mellom alder og lengde på utdanningstilbod, jamfør vedlegg V11. Opp til 34 år er det dei toårige utdanningane som er mest utbreidd, mens det etter 35 år er dei eittårige tilboda som er størst. På dei kortare tilboda aukar andelen studentar jamt med alder. Skilnaden i alder mellom menn og kvinner kan forklarast med skilnadene i utdanningstilboda. Medan det i dei tekniske faga, som rekrutterer flest menn, er flest toårige tilbod, er det nesten berre eittårige tilbod i helse- og oppvekstfaga. Dette kan påverke rekrutteringa, då terskelen for å starte på eit toårig løp, eller kanskje fire år på deltid, naturleg nok er høgare enn å starte på eit kortare utdanningsløp.


5.5 Opptaksgrunnlag

I 2020 var det 16 234 nye studentar som blei tatt opp til høgare yrkesfagleg utdanning. Studentar som er tatt opp til enkeltemne som til døme bransjeprogram er ikkje medrekna, då vi ikkje har data om opptaksgrunnlag for desse endå.

Opptaksgrunnlaget for nye studentar i 2020 var i hovudsak yrkesfagleg kompetanse med 57 prosent av alle nye studentar (figur 5.9). Dette er ein auke på fem prosentpoeng frå 2019, eller om lag 2 500 studentar. 25 prosent av dei nye studentane vart tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse. Det er om lag 500 fleire studentar enn i 2019. Sett som andel av det samla talet på nye studentar, ser vi at andelen som blir tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse fell med seks prosentpoeng frå 2018. Studentar med opptak på grunnlag av realkompetanse utgjorde 15 prosent av dei nye studentane i 2020. Her ser vi ei

dobling i talet på studentar frå 2018. I underkant av 600 studentar blei tatt opp på anna grunnlag, som til dømes opptaksprøver til kreative utdanningar.

Figur 5.9 Nye studentar etter opptaksgrunnlag. 2018–2020



Vedlegg: V5.9

Kjelde: NSD


Utviklinga frå 2019 til 2020 viser at auken i talet på studentar først og fremst skuldast auke av studentar med yrkesfagleg kompetanse som opptaksgrunnlag. Dette er særleg interessant ettersom det er fagområdet økadm som har auka mest i talet på studentar – eit fagområde der det tradisjonelt sett er langt færre studentar med yrkesfagleg bakgrunn enn i helse- og velferdsfaga og dei tekniske faga.

I 2020 ser vi at det var ein markant auke i talet på nye studentar med yrkesfagleg kompetanse innan økadm-faga, samanlikna med tala frå dei to føregåande åra – 41 prosent av økadm-studentane hadde yrkesfagleg opptaksgrunnlag i 2020, mot 23 og 25 prosent i 2019 og 2018. Naturleg nok har andelen studentar tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse i økadm samtidig gått ned frå 48 prosent i 2018 til 31 prosent i 2020.⁶ Studentar med yrkesfagleg kompetanse i økadm-faga er eldre enn dei studentane som blir tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, slik biletet er for sektoren elles òg. Ei forklaring på denne utviklinga kan truleg finnast i Utdanningsløftet 2020 og fordelinga av nye studieplassar til økadm-faga, som omtala over.

⁶ Samanlikna med tala oppgitt i Tilstandsrapporten tidlegare år, er dette ei markant endring. I 2019 hadde nær 50 prosent av studentane i dette fagområdet generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag. Endringa skuldast dels den nye inndelinga i fagområde, der ein del fag som tidlegare fall inn under tekniske fag og service og samferdsel, no er plassert i kategorien økadm.

Figur 5.10 viser tydeleg at studentar som blir tekne opp på grunnlag av generell studiekompetanse er ei relativt homogen gruppe med tanke på alder. Meir enn 60 prosent av alle studentane med dette opptaksgrunnlaget er under 30 år, og høyrer i stor grad til fagområda kreativ og økadm (jamfør Figur 5.11).

Figur 5.10 Nye studentar i 2020 ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder.




Vedlegg: V5.10

Kjelde: NSD

Både yrkesfagleg kompetanse og realkompetanse har ei jamnare spreing over alder. For opptak på realkompetanse er om lag 75 prosent av studentane over 30 år, medan 56 prosent av studentane med yrkesfagleg kompetansegrunnlag er over 30 år når dei startar studiane.

Figur 5.11 viser fordeling etter opptaksgrunnlag og fagområdet blant alle som var registrert som studentar i 2020, inkludert dei som blei tatt opp før 2020.

Figur 5.11 Studentar etter opptaksgrunnlag og fagområde. 2020



Vedlegg: 5.11

Kjelde: NSD

Ser vi på dei to store fagområda, teknisk og helse- og velferd, er yrkesfagleg kompetanse det klart vanlegaste opptaksgrunnlaget. Heile 80 prosent av studentane i helse- og velferdsfag og 81 prosent av studentane i tekniske fag, er tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. To prosent av studentane i helse- og velferdsfag er tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse og 16 prosent på grunnlag av realkompetanse. At talet på studentar som er tatt opp på grunnlag av realkompetanse er høgt i helse- og velferdsfaga, kan sjåast som eit uttrykk for at mange som ikkje har fullført vidaregåande opplæring ynsker å formalisere kompetansen sin.

Yrkesfagleg kompetanse er òg det dominerande opptaksgrunnlaget innan samferdsel-faga, der 61 prosent av studentane er tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. 26 prosent er tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, medan 5 prosent på grunnlag av realkompetanse. Det er i all hovudsak luftfartsfaga som har studentar som er tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, men lokførarutdanninga har òg om lag ein tredel studentar med generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag. Dei maritime faga skil seg ut med nær 100 prosent yrkesfagleg kompetanse som opptaksgrunnlag.

I kreative fag er generell studiekompetanse det dominerande opptaksgrunnlaget, med ein prosentdel på 75 prosent. Elleve prosent av studentane blei tatt opp på grunnlag av realkompetanse, og berre tre prosent på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse.

Tekstboks 5 Samordna opptak

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning har sidan 2017 jobba med å utvikle eit samordna fagskuleopptak. I 2020 var det for første gong opptak til fagskular gjennom Samordna opptak.

Gjennom felles søkarportal blir fagskulestudiane breiare synleggjort. Søkarane får all informasjon om søking til fagskulestudiar presentert på www.samordnaopptak.no, noko som gjer at elevar i vidaregåande opplæring og andre potensielle søkarar til høgare utdanning vil få informasjon om all høgare utdanning samla, både for fagskular og universitet og høgskular. Søkarar kan levere søknad med inntil 10 søknadsalternativ i prioritert rekkefølge. Eit mål for arbeidet er at dette skal bidra til auka søking til fagskulane, og at fleire gjennomfører fagskuleutdanning.

Unit hadde også ein informasjonskampanje i søknadsperioden for å auke kjennskap til fagskuleopptak gjennom Samordna opptak.

Unit sitt hovudmål er å bidra til digitalisering, effektivisering og samordning av tenester. Eit samordna fagskuleopptak skal fungera godt både for søkarar, fagskular og Samordna opptak i Unit. Fagskulane vil på sikt få eit nasjonalt opptak som er meir digitalisert enn tidlegare opptak, og som gir dei meir automatikk og digital støtte i sakshandsaminga. Det nye opptakssystemet blei kontinuerleg forbetra gjennom det fyrste opptaket, og fleire funksjonar kjem etter kvart.

Unit har opplevd fagskulesektoren som positive til innføringa av eit nasjonalt samordna fagskuleopptak. I 2020 var 30 fagskular med i det første samordna fagskuleopptaket; 25 offentlege og 5 private. Innan søknadsfristen 15. april 2020 hadde 9 319 personar søkt om studieplass. I hovudopptaket i mai fekk 6 005 av desse søkarane tilbod om studieplass.

Kjelde: Unit

5.6 Fullføring på normert tid

Tala for fullføring er både viktige og interessante for å få eit innblikk i kva grad tilboda passar etterspurnaden; er tilboda utforma slik at studentane ynsker og klarer å fullføre? Faktorar som kan påverke fullføringsgraden, forutan ein pandemi, er fleksibilitet i utdanningsopplegget, livssituasjon, arbeidsmarknad, studiekostnadar, og opplevd relevans og kvalitet i opplæringa, for å nemne nokre. I år har vi tatt grep for å betre kvaliteten på dei tala vi presenterer om fullføring, sjå utgreiing i kapittel 2.1.

Det overordna talet for fullføring i 2020 var på 66 prosent, meir enn 5 prosentpoeng høgare enn begge dei to føregåande åra.⁷ Det vil seie at av alle studentar som var melde opp til eit utdanningstilbod med forventa avslutning i løpet av 2020, anten det var 30 studiepoeng hausten 2020 eller 120 studiepoeng deltid sidan 2016, så fullførte to tredelar etter planen. Det er relativt små skilnader mellom utdanningar til høgare fagskulegrad (64 prosent), fagskulegrad (67 prosent), og kortare utdanningar mellom 30 og 59 studiepoeng (66 prosent).

Tabell 5.3 Prosentdel fullført på normert tid. 2018–2020

Årstal normert tid	Andel fullført på normert tid
2018	61 %
2019	60 %
2020	66 %

Kjelde: NSD


Kvifor fullføringa gjekk opp i pandemiåret, eit år der mange frykta at fullføringa ville gå ned, kan være vanskeleg å forklare all den tid det har skjedd store endringar på mange nivå samstundes.

Ei mogleg tolking er at fagskulane har lykkast med å bruke fleksibiliteten i regelverket knytt til mellom anna undervisning, praksis og eksamen som blei gitt i 2020 for å legge til rette for fullføring. Ei meir kritisk tolking er at desse endringane har senka krava for å bestå ei utdanning, og at fleire studentar som elles ville falt frå, har tatt eksamen og kome seg gjennom. Studiebarometeret og NIFU sin korona-studie peikar som kjent på at studentar opplevde at omfanget på undervisninga og læringsutbyttet blei redusert som følge av pandemien (Solberg, et al., 2021) (NOKUT, 2021). Det var dei stadbaserte studentane, og særleg dei som ikkje hadde jobb ved sida av, som melde om størst endring i følge Studiebarometeret – altså den minste gruppa av fagskulestudentar. Vi ser at fullføringa for stadbaserte studentar var høgare i 2020 (69 prosent) enn i 2019 (65 prosent).

I tillegg til fleksibilitet frå fagskulane si side, er det òg mogleg at studentane fekk betre tid til å fokusere på studia i 2020. Om lag to tredelar av alle studentane er deltidsstudentar, og har stort sett både jobb og familie ved sida av studia. Stenginga av samfunnet i mars 2020 kan kanskje ha påverka studieprogresjonen positivt. Figur 5.12 viser at andelen deltidsstudentar som fullfører studia auka med åtte prosentpoeng frå 2019 til 2020. Fullføringsgraden blant heiltidsstudentar auka òg, med tre prosentpoeng frå 2019 til 2020, og er no oppe i heile 73 prosent.

⁷ Dersom Noroff, NKI og Luftfartsfaga er inkludert i tala, blir fullføringsgraden i 2020 på 57 prosent. Dersom berre Luftfartsfaga blir ekskludert blir talet 58 prosent. Fullføringstala som Noroff og NKI har for eigen bruk, tydar på at fullføringa ligg om lag på same nivå som resten av sektoren. Då er dei i stand til å ta høgde for fleksibiliteten i tilboda. Dette kan gje ein peikepinn på omfanget av fleksibilitet. Sjå elles kapittel 2 for ein nærmare forklaring på datakvalitet i fullføringstala.

Figur 5.12 Andel studentar fullført på normert tid etter heiltid og deltid. 2018–2020



Vedlegg: V5.12


Kjelde: NSD

Ei tredje forklaring er at fagskulane har blitt betre på kvalitetsarbeid og oppfølging av studentar. Mange av studentane som fullførde i 2020 starta på utdanningane sine i 2018 og 2019, ein periode der sektoren som heile har gjennomgått fleire store og viktige endringar. I tillegg har det vore fleire viktige satsingar på sektoren som kan verke inn på utviklinga. Til dømes har kunnskapsgrunnlaget blitt styrka gjennom Studiebarometeret, noko som kan styrke fagskulane sitt arbeid. Samstundes har den nye fagskulelova lagt eit ansvar på fagskulane sine styrer til å vurdere om det er forsvarleg å starte nye tilbod. I tillegg har NOKUT mellom anna auka sin rettleiing- og tilsynsaktivitet, og arbeidd med fagområdeakkreditering. Til sist kan òg nemnast at finansieringsmodellen som vart innført i 2018, har ein resultatbasert komponent som inneber at auka fullføring gjer høgare tilskot, for alle tilbod som er heilt eller dels offentleg finansiert.

Fullføring etter utdanningsform og alder

Bak fullføringstalet på 66 prosent er det likevel ein del skilnader utover skiljet mellom heiltid og deltid som vist over. Vi ser mellom anna at stadbaserte tilbod, og nettbaserte tilbod med samlingar, har ei fullføringsgrad på høvesvis 69 og 64 prosent, medan reine nettbaserte tilbod endar på 52 prosent. Kunnskapsenter for utdanning ved UiS publiserte i 2020 ei kunnskapsoversikt om kvalitet i digital undervisning i høgare yrkesfagleg utdanning. Rapporten har ikkje noko særskilt fokus på fullføring, men diskuterer mellom anna kva som skal til for at fagskulestudentane skal lykkast med studia når undervisninga er digital (Munthe, Ruud, & Malmo, 2020).

Figur 5.13 Andel studentar fullført på normert tid etter utdanningsform. 2020




Vedlegg: V5.13

Kjelde: NSD

Vi ser òg ein fullføringsgrad på meir enn 80 prosent blant dei relativt få studentane som var under 20 år då dei starta på studia, jamfør figur 5.14. For aldersgruppa 20–24 år var fullføringa 69 prosent. Fullføringsgraden går ned til 61 prosent i aldersgruppa 30–34 år, før han stig igjen til kring 65 prosent for dei høgaste aldersgruppene. Tala kan tyde på at det er studentar med familie som slit mest med å halde normert tid.

Figur 5.14 Andel studentar som fullførte på normert tid i 2020 etter alder då dei starta på studiane



Luffart, Noroff og NKI er ekskluderte frå fullføringsdata då dei er statistiske uteliggjarar. Sjå avsnitt 2.1 (s 10).

Vedlegg: V5.14


Kjelde: NSD

Fullføring etter opptaksgrunnlag, fagområde og finansiering

Tala viser òg at det er fleire (72 prosent) som fullfører på normert tid av dei som vart tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse (jamfør vedlegg V26). For dei som var tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse og realkompetanse var fullføringa på 64 prosent. Ein del av forklaringa på desse variasjonane ligg truleg i andre variablar som vi kjem nærmare inn på under.

Figur 5.15 viser fullføringstala fordelt på fagområda. Ein slik tidsserie må lesast med noko varsemd, sjølv om dei største grepa med dataa er gjort for alle år. Figuren gir eit bilete av ein nokon lunde jamn auke i fullføring i alle fagområde frå 2018 til 2020. Unntaket er samferdsel⁸ som går svakt ned i 2020, og teknisk, økadm og anna der 2019 skil seg spesielt ut.

Figur 5.15: Fullføringsgrad på normert tid per fagområde for utdanningstilbod mellom 30 og 120 studiepoeng. 2018–2020



Vedlegg: V5.15

Kjelde: NSD

Noko variasjon mellom år er å vente i ein sektor som høgare yrkesfagleg utdanning. Det er grunn til å tru at denne studentgruppa, der snittalderen er relativt høg, og tilknytninga til arbeidslivet sterk, er meir påverka av svingingar i arbeidsmarknaden. Til dømes var det fleire av studentane som starta på tekniske utdanningar med normert avslutning i 2019, som starta på utdanninga i etterkant av oljekrisa i 2014/2015. Det er mogleg at ein del av desse gjekk tilbake til arbeid når marknaden tok seg opp igjen, og at dette kan forklare noko av dei lave tala i 2019. Sikker kan vi likevel ikkje vere.

Variasjonane i økadm er òg vanskeleg å forklare, og det er ingen utdanningstilbod i grunnlaget som skil seg spesielt ut. Ei forklaring på den generelle auken i dette fagområdet

⁸ I kategorien Samferdsel ligg dei maritime utdanningane og lokførarutdanninga. Luftfartsutdanningane som er tatt ut av talgrunnlaget høyrer også til i denne kategorien. Hadde desse tala blitt inkludert ville fullføringsgraden blitt på 52 prosent i 2020.

kan finnast i at fleire tilbod som tidlegare har vært finansiert av studentbetaling, blei tilbydt gratis i 2020 som følgje av auken i finansierte studieplassar.

Innan helse og velferdsfaga er det i all hovudsak oppvekstfaga som gjer utslag frå 2019 til 2020. Ein kunne kanskje venta at færre helsefagstudentar skulle klare å fullføre i 2020, gitt at så å seie alle desse studentane er studentar på deltid og mest truleg har ein jobb i helsesektoren ved sida av – ein sektor som har vore under sterkt arbeidspress i 2020. Fullføringsgraden for desse studentane er likevel den same i 2020 som i 2019, og fem prosentpoeng høgare enn i 2018.

I kategorien anna finn vi fag innan mat og drikke, religion, skjønnheitspleie og dei grønne faga. Skjønnheitspleie og religionsfaga har jamt over høg fullføringsgrad, medan dei grønne faga og mat og drikke varierer noko meir mellom åra. I alle desse faga er det relativt få studentar, så mindre endringar gjev fort store utslag i relative tal.

Ein annan viktig og interessant forskjell i fullføringstala finn vi når vi ser på studium etter finansieringsform. For studium som er heilt eller dels offentleg finansiert er fullføringsgraden på normert tid i 2020 på høvesvis 65 og 67 prosent. For studium finansiert av studentbetaling er fullføringsgraden på heile 71 prosent.⁹

Det er ein samanheng mellom alder og finansieringsform som er relevant for å forstå noko av skilnadane mellom fullføring etter finansieringsform. Bakgrunnstala viser at det er fleire yngre studentar på tilbod som er fullfinansiert av studentbetaling. Som vist over er fullføringsgraden generelt høgare blant dei yngre studentane.


5.7 Uteksaminerte

Det er òg interessant å sjå på utviklinga i uteksaminerte fagskulekandidatar uavhengig av normert tid. Dette kan gje eit bilete av korleis etterspurnaden etter ulike fagskuleutdanningar endrar seg over tid.

I figur 5.16 ser vi utviklinga i tala for uteksaminerte studentar etter grad og utdanningslengde per fagområde i perioden 2016 til 2020. Det reelle talet uteksaminerte kandidatar aukar frå 2019 til 2020 i alle fagområde, med unntak av kategorien anna. Det er særleg i tekniske fag og økadm at talet på uteksaminerte kandidatar aukar.

⁹ Her vil likevel tala frå Noroff og NKI spele ei stor rolle, då desse skulane har ein stor del av studentane på tilbod som er fullfinansiert av skulepengar. Om rapporteringa etter kvart gir høve til å rapportere på fleksible utdanningsløp på ein betre måte enn i dag, vil vi kunne gje eit meir fullstendig bilete som inkluderer desse skulane. Skulane sine egne tal på fullføring ser ut til å stemme godt over eins med tala vi viser her.

Figur 5.16 Tal på uteksaminerte studentar med fagskulegrad og høgare fagskulegrad per fagområde



Vedlegg: V5.16

Kjelde: NSD

Mykje av auken i desse to fagområda ligg i kategorien enkeltemne. I denne kategorien finn ein berre tal for 2020, sidan fagskular for første gong kan rapportere avlagde studiepoeng på dette. Årsaka til at denne kategorien har dukka opp er ei auka merksemd kring moglegheita for at fagskular kan tilby studiepoenggivande enkeltemne frå allereie akkrediterte utdanningar, utan å måtte søkje om ny akkreditering. Dette, saman med pandemien i 2020 og dei ulike kompetansehevingstiltaka som vart sett i verk då, førte til at NSD innførte kategorien enkeltemne for å sikre tal på utviklinga av denne type tilbod. Ei oppheving av den nedre grensa på 30 studiepoeng for akkreditering av utdanningstilbod som Stortinget handsamar i desse dagar, vil truleg bidra til ein auke av slike korte studietilbod, som vi mellom anna har sett gjennom nokre av bransjeprogramma for kompetanse¹⁰.

Sjølv om dei absolute tala aukar i alle kategoriar og fagområde, går den relative delen kandidatar med høgare fagskulegrad ned, medan prosentdelen som blir uteksaminert med fagskulegrad og kortare utdanningar aukar. Dette kan tolkast som eit uttrykk for korleis «lære heile livet» slår ut i praksis i høgare yrkesfagleg utdanning.

Utviklinga speglar mellom anna auka tilskot til studietilbod på enkeltemne, samt fylkeskommunane sine prioriteringar i fordeling av nye studieplassar. Av 32 millionar kroner til opptrapping av studieplassar i 2019 rapporterte fylkeskommunane at om lag 50 prosent vart løyvd til helsefagutdanningar, som utelukkande er eittårige. Samstundes gjekk 37 prosent av tilskota til tekniske utdanningar, som oftast er toårige. Den same tendensen ser vi i fordelinga av midlane som vart løyvd til opptrapping i 2020, der eittårige tilbod innan økadm fekk store løyvingar i tillegg til helsefaga (Diku, 2020).¹¹

¹⁰ Innst.517 L (2020-2021) om endringar i fagskulelova som blei behandla i Stortinget 31.05.2021.

¹¹ Sjå vedlegg 6.1 til Tilstandsrapporten frå 2020: <https://vedlegg.diku.no/TRHYU/2020>

Som del av studiebarometeret for fagskulestudentar i 2020, vart det stilt spørsmål om korleis pandemien påverka studiekvardagen. NOKUT har på grunnlag av svara laga ein eigen rapport, *Fagskulestudentenes oppfatning av kvaliteten på utdanningen under koronapandemien* (NOKUT, 2020). Rapporten stadfester inntrykket av at situasjonen har vore krevjande for mange studentar. Heile 25 prosent av studentane svarar at pandemien påverkar kvardagen deira på ein slik måte at det er vanskeleg å halde fram med utdanninga.

Rapporten peiker på moglege årsaker til dette: Studiebarometeret vart sendt ut om lag ein måned etter at pandemien braut laus i Noreg. Mange av fagskulestudentane er i ein alder der det er vanleg å ha barn, og då skular og barnehagar stengde skapte det store problem for mange. Mange jobbar også ved sidan av studia, og dersom ein blir permittert kan det gjere den økonomiske situasjonen vanskeleg. Rapporten peiker også på at heimeundervisning og manglande kontakt med medstudentar og lærarar kan gjere at nokre mister motivasjonen.

Samstundes er det store skilnader mellom ulike grupper av studentar i korleis pandemien påverkar studiekvardagen deira. Dei som er knytt til ein campus opplever naturleg nok mykje større endringar enn studentar som følgjer nettstudium. Blant campus-studentane opplever 80 prosent at undervisninga er vesentleg endra som følgje av pandemien. Blant studentar på samlingsbaserte studium meiner om lag 50 prosent det same, og blant studentar på nettbaserte studium om lag 10 prosent.

Mange opplever nettundervisning som lite motiverande. Mange har også opplevd at undervisninga blei redusert, eller at dei ikkje fekk undervisning i det heile. Manglande utstyr og lokale blir også peika på som årsak til lågare motivasjon. Det er særleg studentar innan kreative fag som rapporterer om dette. I andre fag har studentane mista praksis. Spesielt utfordrande har det vore for studentar innan samferdselsfag. Også mange studentar i helse- og velferdsfag rapporterer at praksis har blitt avlyst.

Sjølv om situasjonen har vore utfordrande for mange meiner fagskulestudentane jamt over at fagskulane har handtert situasjonen godt. Dei er nøgde med at skulane raskt fekk på plass løysingar for nettundervisning og er i hovudsak nøgde med dei digitale løysingane som er valde. Studentane er også nøgde med informasjonen dei har fått frå skulane. Alt i alt konkluderer rapporten med at fagskulane har grunn til å vere tilfredse med korleis dei har handtert situasjonen som følgde av pandemien.

Kjelde: NOKUT

5.8 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular

Det er ein viss flyt av studentar mellom fagskular og universitet/høgskular. Tala viser at det er ein flyt av studentar begge vegar. Når det gjeld UH-studentar som seinare studerer ved ein fagskule veit vi førebels ikkje så mykje sikkert om kven dei er og kvifor dei går frå den eine utdanningstypen til den andre. Ein vanleg teori er at ein del UH-studentar ynsker ei praktisk retta utdanning for lettare å kome ut i relevant arbeid. Det kan òg tenkast at det er studentar som har valt feil, og heller ynsker ei meir yrkesretta utdanning. Truleg er begge forklaringar aktuelle.


I fagskulemeldinga blei det presentert fleire tiltak for å legge til rette for overgangar mellom høgare yrkesfagleg utdanning og UH. Ved årskiftet 2020-2021 lyste Diku ut midlar til samarbeidsprosjekt mellom fagskular og universitet eller høgskular med mål om å utvikle gode overgangsordningar. NOKUT har samstundes starta arbeidet med ein rettleiar om slike overgangar.

Fagskulestudentar tidlegare registrert som studentar ved eit universitet/høgskule

Prosentdelen studentar i høgare yrkesfagleg utdanning som tidlegare har vore registrert som student ved ein høgskule eller eit universitet har auka frå 18 prosent i 2019 til 21 prosent i 2020. Veksten i absolutte tal har gått frå om lag 2 750 studentar i 2018 til meir enn 5 100 studentar i 2020 – altså ein auke på kring 80 prosent. Om lag kvar femte student i høgare yrkesfagleg utdanning hadde med andre ord bakgrunn frå UH-sektoren i 2020. Kvifor stadig fleire med bakgrunn frå UH-sektoren vel å studere ved ein fagskule, og kor mykje dei har studert der, seier ikkje datamaterialet noko om.

Figur 5.17 viser korleis desse studentane fordeler seg på fagområde i høgare yrkesfagleg utdanning. Prosentdelen er høgast innan økadm-faga. I 2020 hadde rett over 35 prosent, eller 1 280 studentar innan desse faga, tidlegare vore registrert ved ein UH-institusjon. Nest høgast prosentdel finn vi i kategorien anna, som òg har hatt ein stor auke frå 2019. I denne kategorien er tala svært låge, så sjølv små endringar gir store utslag i dei relative tala.

Figur 5.17 Fagskulestudentar som tidlegare har vore registrerte ved eit universitet eller høgskule, fordelt på fagområde. 2018–2020



Grafane viser kva fagområde studentane er registrert ved på fagskulen.

Vedlegg: V5.17

Kjelde: NSD

I dei kreative faga hadde 29 prosent av studentane i 2020 tidlegare vore registrert ved eit universitet eller høgskule. Dette er interessant med tanke på at dei kreative fagområda har ein høg prosentdel studentar i aldersgruppa 20–24 år. Den lågaste prosentdelen studentar som har vore registrert ved ein UH-institusjon finn ein innan samferdsel, der berre 13 prosent av studentane har ein slik bakgrunn.

Innan dei to største fagområda, tekniske fag og helse- og velferdsfag, er prosentdelen studentar med bakgrunn frå UH-sektoren på høvesvis 16 og 18 prosent – langt lågare enn til dømes i økadm og kreative fag. Det er likevel interessant å merke seg at det er ein tendens til at stadig fleire studentar innan dei største fagområda har bakgrunn frå UH-sektoren.

I 2018 var det om lag 6 600 studentar i tekniske fag, og 12 prosent av desse hadde tidlegare vore registrerte som studentar ved ein UH-institusjon. I 2020 var det 8 600 studentar totalt, og 16 prosent med UH-bakgrunn. Altså ser vi ein auke på om lag 74 prosent i talet på studentar med bakgrunn i UH-sektoren innan tekniske fag. Her er det likevel viktig å merke seg at vi finn dei fleste studentane med bakgrunn frå UH-sektoren innan IT-relaterte fag – altså ikkje innan dei tradisjonelle tekniske yrkesfaga. Årsaka til at IT-studentar går frå høgare utdanning til høgare yrkesfagleg utdanning kan kanskje vere den same som for økadm-studentar – at dei ynsker ei meir praksisorientert utdanning for å styrke kandidaturet sitt på arbeidsmarknaden, eller at dei valde feil når dei valde universitet eller høgskule.

Innan helse- og velferdsfaga ser vi òg ein auke på 76 prosent i talet på studentar tidlegare registrert ved ein UH-institusjon, frå 609 studentar i 2018 til 1 070 i 2020.

Fagskulestudentar registrert ved eit universitet/høgskule etter avslutta fagskulestudiar

Overgangar frå høgare yrkesfagleg utdanning til anna høgare utdanning er kanskje enklare å forklare. For eksempel veit vi at nokre studentar med høgare fagskulegrad frå tekniske fag søker seg inn på ingeniørstudium ved eit universitet eller høgskule (UHR, 2021). Innan økadm-faga og dei kreative faga er det tilsvarande faglege forbindingar som kan tyde på at nokon ynsker å studere meir.

Tabell 5.4 viser tal på uteksaminerte fagskulekandidatar kvart år, og kor mange av desse som seinare er registrert som student ved eit universitet eller høgskule.

Tabell 5.4 Tal og prosentdel av uteksaminerte fagskulekandidatar som seinare er registrert som studentar ved ein UH-institusjon. 2018–2020

År	Tal på fagskulekandidatar året dei vart uteksaminert	Tal på fagskulekandidatar seinare registrert ved ein UH-institusjon	Andel av fagskulekandidatene seinare registrert ved ein UH-institusjon
2018	6 206	927	15 %
2019	6 689	907	14 %
2020	8 338	965	12 %

Kjelde: NSD

Prosentdelane er rekna ut frå det samla talet på uteksaminerte kandidatar kvart år, og det er derfor naturleg at det er ein relativt mindre prosentdel av studentane frå siste året som har vald å gå direkte vidare til nye studiar. Det er likevel nesten 1 000 av dei om lag 8 300

fagskulestudentane som avslutta sine studium i 2020, som gjekk direkte vidare til anna høgare utdanning – altså var det studentar som avslutta utdanninga si våren 2020 som vart tatt opp ved eit universitet eller høgskule hausten 2020. Dette omtrent like mange studentar som for dei uteksaminerte kandidatane frå 2018. Då var det totalt 6 200 studentar som vart uteksaminert, og i tillegg har det gått to ekstra år der dei har hatt høve til å starte på nye studium ved et universitet eller høgskule. Tala dei neste åra vil vise om dette er ein effekt av pandemi og dårlege utsikter til arbeid hausten 2020, eller om det er uttrykk for ei endring mot at fleire søker meir utdanning like etter at dei er ferdige med ei høgare yrkesfagleg utdanning.

Særleg innan økadm og kreative fag er det mange som vel å gå direkte vidare til høgare utdanning – dei same to fagområda som har høgast prosentdel studentar med bakgrunn frå UH-sektoren. Meir enn halvparten av dei uteksaminerte fagskulekandidatane i 2020 som gjekk vidare til høgare utdanning *same året* kom frå desse to fagområda. Samtidig var det berre 18 prosent av dei uteksaminerte fagskulekandidatane i 2018 som kom frå økadm-faga. Til samanlikning utgjorde kandidatar innan tekniske fag og helse- og velferdsfag meir enn 50 prosent av alle uteksaminerte kandidatar, men berre 26 prosent av alle som gjekk vidare til høgare utdanning same året. Skilnadane mellom fagområda er nokså lik frå år til år.

Eit blick på fagskulekandidatane sitt opptaksgrunnlag underbygger dette, jamfør vedlegg V13; av dei uteksaminerte kandidatane i 2020 var det berre fem prosent av dei med fag- eller sveinebrev som opptaksgrunnlag, som gjekk vidare til eit universitet eller høgskule seinare. For 2018-kandidatane var prosentdelen 9. For 2020-kandidatane med generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag var prosentdelen som gjekk vidare til UH på 18, medan det for 2018-kullet var ein firedel. Desse tala heng saman med fordelinga av opptaksgrunnlag innan dei ulike fagområda.

Ein rapport frå Universitets- og høgskulerådet frå 2021 tar for seg overgangar for toårige tekniske fagskuleutdanningar konkret (UHR, 2021). Rapporten beskriv omfanget av slike overgangar, og samtidig ulike ordningar og avtalar som eksisterer for å legge til rette for slike overgangar. Det er til dels stor skilnad i praksisar ved UH-institusjonar med å gi fritak delar av utdanninga på bakgrunn av den høgare yrkesfaglege utdanninga. Nokre får fritak frå eit heilt år av bachelorgraden, medan andre ikkje får noko.

I tillegg veit vi at nokre studentar fullfører ein akademisk bachelor i utlandet, på grunnlag av ein toårig fagskuleutdanning i Noreg. Det samla omfanget av dette er ikkje kjent, då det ikkje finst ein samla rapportering for dette. Noroff Fagskole er ein av fagskulane som har slike avtaler. Tal frå skulen viser at mellom 30 og 50 studentar har reist utanlands kvart år dei siste tre åra, for å fullføre ein bachelorgrad i forlenginga av ein toårig fagskuleutdanning. Frå fagskulen Kristiania var det om lag 60 studentar som gjorde det same i 2020.

Overgangar frå høgare yrkesfagleg utdanning til universitet eller høgskular rører ved problemstillinga knytt til nivå på utdanningar i fagskulane. Nasjonalt fagskuleråd har tatt opp tematikken knytt til avgrensingar av omfanget og nivået på høgare yrkesfagleg utdanning i to ulike rapportar. I desse rapportane peikar dei på at det er behov for at fagskular kan tilby yrkesretta utdanningar òg på høgare nivå enn 5 i Nasjonalt Kvalifikasjonsrammeverk (NKR). Samstundes har NOKUT fått i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å gjere ein heilskapleg gjennomgang av NKR.

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR) er eit overordna rammeverk som definerer dei ulike nivåa for kvalifikasjonar i Noreg og gir standardar for læringsutbyteskildringar. Ved at alle dei sentrale norske utdanningskvalifikasjonane er innplassert på nivå i NKR, gir det rammer for og minimumskrav til læringsutbytet på desse utdanningane. Ved at alle utdanningsprogram skal ha skildringar av utbytet av utdanninga skal NKR mellom anna bidra til auka forståing for utdanningane i samfunnet, og styrke mobilitet og livslang læring.

Ti år etter implementeringa av NKR har NOKUT fått i oppdrag evaluere rammeverket. Evalueringa skal sjå alle delane av NKR i samanheng, evaluere funksjonane og verknadene rammeverket har, og gi tilrådingar for den vidare utviklinga. Utdanningskvalitet, livslang læring og fagskulane sin plass i utdanningssystemet er døme på spørsmål som utdanningssektoren, arbeidslivet og regjeringa er svært opptatte av. Desse spørsmåla grenser òg opp mot det evalueringa skal ta føre seg.

Første del av evalueringa blei avslutta hausten 2020, og skulle utreie handlingsrommet for parallelle nivåskildringar for yrkesretta kvalifikasjonar på nivåa 6 til 8 i NKR. Technopolis, som fekk tildelt oppdraget, leverte ei kunnskapsoppsumming som samanlikna erfaringar frå Sverige, Nederland, Austerrike, Tyskland og Wales (Almerud, Ricksten, Jallow, Petterson, & Melin, 2020). I rapporten drøfta dei ulike løysingar for ein parallellstruktur, altså måtar å etablere nivåskildringar som står *parallelt* med dagens. Dei leverte også forslag til løysingar for ein paraplystruktur, med eitt felles sett med nivåskildringar som skal romme ei større breidde av kvalifikasjonar enn i dag. Tilrådingane skal inngå i den vidare evalueringa.

Den andre delen av evalueringa består av ein heilskapleg gjennomgang utført av NOKUT, og skal vere ferdig i slutten av 2022. Evalueringa skal sjå nærmare på to område: *Utdanningskvalitet og regulering av utdanning, og mobilitet og livslang læring*. Under desse skal evalueringa ta for seg utdanningssektoren, studentar og arbeidslivet. NOKUT forventar å hente ulik type kunnskap frå eit stort felt av aktørar. Såleis skal evalueringa gje eit omforeint kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av NKR.

Kjelde: NOKUT


6 Økonomi og styring

6.1 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskular har i hovudsak tre finansieringskjelder for drift; statleg driftstilskot frå Kunnskapsdepartementet, tilskot frå fylkeskommunane sine frie midlar¹² og studentbetaling. I tillegg kjem rundt 140 millionar inn i sektoren i form av ulike prosjektmidlar og anbudsbaserte tilskot frå Utdanningsdirektoratet. Figur 6.1 viser omfanget av desse finansieringskjeldene i 2020.

Samla disponerte fagskulesektoren om lag 1,9 milliardar kroner i 2020. Samanlikna med tala frå Tilstandsrapporten 2019 vil ein sjå at vi i år har inkludert langt fleire økonomiske kjelder, og difor er totalen langt høgare – om lag 300 millionar. Om vi samanliknar dei same kjeldene som i førre rapport, ser vi likevel ein auke på 180 millionar. Denne auken skuldast mellom anna auke i tilskot til nye studieplassar på om lag 58 millionar kroner, men òg auke i studentbetaling som følger av eit auka tal studentar. Auken i studentbetaling er på om lag 87 millionar i privat sektor og 3 millionar i offentleg sektor.

Figur 6.1 Ulike finansieringskjelder 2020



Vedlegg: V6.1

Kjelde: NSD, Diku og Kompetanse Norge

¹² Det er fylkeskommunane som forvaltar tilskota til drift frå Kunnskapsdepartementet. I tillegg er det ein del fylkeskommunar som løyver pengar til fagskulane frå sine egne budsjett. Dette er midlane vi kallar «frie midlar».

Statleg tilskot – Tilskot KD og tilskot til dei tre statlege fagskulane

For 2020 fekk fylkeskommunane overført 834,7 millionar kroner som driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning, inkludert dei 1 600 nye studieplassane som kom i 2020. Driftsmidlane blir løyvde av Stortinget over budsjettet til Kunnskapsdepartementet (KD), kap. 240 post 60. Vi omtalar derfor desse midlane som Tilskot KD i denne rapporten.

Stortinget vedtok i 2020 at driftstilskotet til 13 fagskular framleis skulle skjermast for prioriteringane til fylkeskommunane. I 2020 fekk desse fagskulane samla om lag 77,5 millionar kroner. Dei fleste av desse fagskulane er små og tilbyr i hovudsak kreative utdanningar og utdanningar i religion. Noko av årsaka til øyremerkinga er at tilboda har eit utprega nasjonalt nedslagsfelt.

I tillegg til dette løyver Stortinget kvart år om lag 127 millionar kroner til dei tre statlege fagskulane som vist over. Desse pengane går direkte til skulane, og er ikkje ein del av forvaltninga til fylkeskommunane. Dei tre fagskulane som får tilskot direkte over statsbudsjettet er: Norsk jernbaneskule som er finansiert over budsjettet til Samferdselsdepartementet, og Veia – Norges grønne fagskule og Dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, som begge er finansierte over budsjettet til KD. Norsk jernbaneskule utgjør den største delen av denne kategorien, med om lag 70 millionar kroner.

Tilskot Fylkeskommunanes frie midlar

Fylkeskommunane bruker òg i overkant av 100 millionar av sine frie midlar til fagskulane kvart år. I 2020 brukte dei 103 millionar, ein liten nedgang frå 108 millionar i 2019. [Tabell 6.1](#) viser dei same tala som kategoriane Tilskot KD og Tilskot fylkeskommunanes frie midlar i [figur 6.1](#), men fordelte på fylkeskommunar. Tabellen viser store skilnader i fylkeskommunane sin bruk av frie midlar til høgare yrkesfagleg utdanning.

Tabell 6.1 Tilskot frå KD og fylka sine frie midlar, samt prosentdel frie midlar av total finansiering per fylke

Fylkeskommune	Tilskot KD	Frie midlar FK	Andel frie midlar FK
Agder fylkeskommune	58 274 000	0	0 %
Innlandet fylkeskommune	69 654 250	0	0 %
Møre og Romsdal fylkeskommune	44 796 000	15 989 000	26 %
Nordland fylkeskommune	27 325 750	9 308 418	25 %
Oslo fylkeskommune	130 309 000	0	0 %
Rogaland fylkeskommune	75 073 250	8 073 282	10 %
Troms og Finnmark fylkeskommune	34 898 000	23 185 305	40 %
Trøndelag fylkeskommune	77 582 000	10 474 499	12 %
Vestfold og Telemark fylkeskommune	74 604 500	0	0 %
Vestland fylkeskommune	128 504 250	21 110 196	14 %
Viken fylkeskommune	113 681 000	15 107 258	12 %
Totalt	834 702 000	103 247 958	

Kjelde: NSD


Høgre kolonne viser den relative storleiken på dei frie midlane nytta til fagskular i høve til samla tilskot frå både KD og fylka. Medan dei frie midlane utgjer meir enn 40 prosent av det samla budsjettet til høgare yrkesfagleg utdanning i Troms og Finnmark, og kring 25 prosent i Nordland og Møre og Romsdal, er det fire fylkeskommunar som ikkje løyver nokre frie midlar til fagskulane.

Skilnadene i fylkeskommunane sin bruk av frie midlar er stabil over tid. Det vil seie at dei fylka som har ein høg andel frie midlar i drifta av høgare yrkesfagleg utdanning, har hatt det over fleire år. Dette kan såleis ikkje tolkast som uttrykk for ei *spesiell* eller *tidsavgrensa* satsing, men heller eit løpande behov for tilskot for å oppretthalde eksisterande tilbod. Det er venta at evalueringa av finansieringssystemet som skal leverast rundt årsskiftet 2021/22 vil gi meir informasjon om moglege årsaker til skilnadene mellom fylkeskommunane.

Studentbetaling

Studentbetaling utgjer ein vesentleg del av den samla finansieringa i sektoren, med samla sett nesten 700 millionar kroner. Det meste av dette, om lag 670 millionar kroner, blir kravd inn frå private fagskular.

Figur 6.2 Gjennomsnittleg studentbetaling ved offentlege og private fagskular 2013–2020



Gjeld utdanningstilbod med studentbetaling, tal per student for haustsemesteret. Tala for gjennomsnittleg studentbetaling er korrigert for feilrapportering ved å dele samla studentbetaling på studentar og semester.

Vedlegg: V6.2

Kjelde: NSD

Hausten 2020 var det om lag 12 000 studentar ved dei private fagskulane. 5 000 av desse tok utdanningar som var *heilt* offentleg finansiert, medan 6 200 studentar gjekk på utdanningstilbod *utan* noko offentleg støtte. I tillegg kjem om lag 650 studentar på *delvis* offentleg finansierte utdanningar – i hovudsak studentar innan kreative fag og religion. Det er studentane på utdanningstilbod som er *delvis* finansierte og *utan* stønad, som betaler dei 670 millionane.¹³ I 2020 var snittet på studentbetaling ved dei private fagskulane på 51 400 per semester. Snittet er per semester for dei studentane som betaler. Dette er om lag same nivå som året før, som vist i figur 6.2.

¹³ Fordi det er fleire studentar om hausten enn om våren, blir ein større del av den samla summen av studentbetaling betalt i haustsemesteret. Om ein gonger gjennomsnittleg studentbetaling med talet på studentar og talet på semester per år, får ein derfor eit høgare tal på samla studentbetaling, enn det som er reelt.

Det samla snittet for studentbetaling ved dei offentlege fagskulane i 2020, var om lag 4 500 kroner per semester. Dette er om lag på same nivå som året før.

Utdanningar innan luftfart har særskilt høg studentbetaling, og gir store utslag på snittala for privat sektor, sjølv om talet på studentar er relativt lavt. I underkant av 600 studentar betalar i snitt 257 000 kroner i semesteret. Om vi ekskluderer desse utdanningstilboda blir den gjennomsnittlege studentbetalinga for studentane som betalar studieavgift i privat sektor på om lag 34 000 kroner – altså ein god del under det samla snittet.

Tabell 6.2 viser snittbetaling for studentar per semester i 2020 fordelt på eigarskap og dei ulike formane for finansiering. Her ser vi at snittbetalinga i privat sektor varierer frå 54 700 kroner for utdanningstilbod som er fullfinansiert av studentbetaling, til om lag 4 500 kroner for studentar som går på fullstendig offentleg finansierte tilbod ved ein privat fagskule. Dei aller fleste studentar i privat sektor høyrer til ein av desse kategoriane, medan om lag 700 studentar i privat sektor går på tilbod som er *delvis* offentleg finansierte. At det finst studentbetaling i finansieringskategorien fullstendig offentleg, både i privat og offentleg sektor, heng saman med at fagskulane kan krevje inn mellom anna avgift til studentsamskipnad og diverse mindre kostnader knytt til materiell og liknande. Det er uklart kvifor det er så stor skilnad mellom offentleg og privat sektor i denne kategorien.¹⁴

Tabell 6.2 Snittbetaling per student per semester, fordelt etter eigarskap og finansieringskjelde

Eigarskap	Finansieringsform	Snittbetaling per student per semester
Offentleg	Dels offentleg finansierte/andre midlar	6 347
	Fullfinansiert vha skulepengar/andre eksterne tilskot	9 601
	Fullstendig offentleg finansierte	1 699
Privat	Dels offentleg finansierte/andre midlar	32 435
	Fullfinansiert vha skulepengar/andre eksterne tilskot	54 689
	Fullstendig offentleg finansierte	4 518

Kjelde: NSD

Ved dei offentlege fagskulane var det om lag 2 100 studentar på *delvis offentleg* finansierte utdanningar som betalte for utdanninga hausten 2020. I snitt betalte desse 6 300 kroner per semester. Studentbetaling knytt til denne finansieringsforma ved dei offentlege fagskulane kan til dømes skyldast lisensar for programvare som krev ekstra finansiering.¹⁵

På tvers av offentleg og privat sektor var det om lag 16 600 studentar på utdanningstilbod som var *heilt* eller *dels* offentleg finansierte, hausten 2020. Om lag ein tredel av desse var studentar ved private fagskular. I hovudsak er tilbod med offentleg tilskot gratis, enten tilboda er ved ein offentleg eller privat fagskule. Men som vi har vist med eksempla over, finst det nokre unntak og skilnader.

¹⁴ Finansieringsforma er basert på fagskulanes innrapportering, og det kan være noko variasjon i korleis dei vurderer skiljet mellom heilt og dels offentleg finansierte.

¹⁵ Ved Fagskulen i Rogaland finst òg eit døme på eit tilbod som er laga særskilt for petroleumsindustrien og tilpassa Nordsjø-turnus, der heile studiet er finansierte av studentbetaling. I dette tilfellet er det arbeidsgjevar som betalar for arbeidstakarane sine, men kostnaden blir registrert som studentbetaling.

Prosjektbaserte midlar

Kvart år blir det lyst ut prosjektmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning retta mot ulike formål. For 2020 har vi kartlagt 109,6 millionar kroner som vart løyvd til fagskular gjennom ulike ordningar forvalta av Diku eller Kompetanse Noreg. I tabellen under listar vi punktvis opp hovudtrekka ved dei ulike tilskotsordningane.

Tabell 6.3 Prosjektbaserte midlar

Tittel på programmet	Beløp	Kort omtale
Utviklingsmidlar for høgare yrkesfagleg utdanning	43 millionar kroner	I 2020 tildelte Diku midlar til 38 prosjekter ved sju private og ni offentlege fagskular. Målet med midlane er auka kvalitet i utdanningane ved fagskulane og godt samsvar mellom utdanningstilboda og den kompetansen arbeidslivet etterspør.
Bransjeprogram for kompetanse	47 millionar kroner	Utvikling og drift av utdanningstilbod innan høgare yrkesfagleg utdanning i 2020.
Utdanningsløftet 2020 ¹⁶	12 millionar kroner	Korte og fleksible utdanningstilbod levert av fagskular, i samband med Utdanningsløftet 2020.
Erasmus+	1,3 millionar kroner	Internasjonal studentmobilitet i 2020
Auka digital kompetanse i havrelaterte utdanningar	5,7 millionar kroner	Prosjekt for auka digital kompetanse i havrelaterte utdanningar. Gjennom ordninga fekk tre fagskular løyvd midlar til fem prosjekt, der eitt av prosjekta var eit samarbeidsprosjekt mellom sju fagskular.

Kjelde: Diku, Kompetanse Noreg


¹⁶ Dei 1 500 nye studie plassane som vart innvilga i revidert nasjonalbudsjett blir òg referert til som ein del av utdanningsløftet 2020. I denne samanheng har vi likevel inkludert desse tala i oversikta over statleg tilskot til drift av høgare yrkesfagleg utdanning, då det var varige studie plassar som vart innvilga.

6.2 Studentar og fagområde etter finansieringskjelder

Figur 6.3 viser korleis dei to viktigaste kjeldene for finansiering – offentleg tilskot og studentbetaling – fordeler seg på fagområde og studentar.

Kategorien offentleg tilskot inkluderer her midlane frå både KD og fylkeskommunane sine frie midlar. Kategorien delvis offentleg finansiert tyder at studentane òg betaler en viss avgift som omtala over, medan kategorien utan offentleg tilskot betyr at utdanninga blir fullfinansiert av studentbetaling eller andre formar for tilskot.

Figur 6.3 Studentar etter fagområde og tilskot



Vedlegg: V6.3

Kjelde: NSD

Figuren viser at dei offentlege midlane fordeler seg på alle fagområde. I helse- og velferdsfaga er så å seie alle studentane fullfinansiert av offentleg tilskot. Innan tekniske fag er om lag 82 prosent av studentane enten fullstendig (62 prosent) eller dels (20 prosent) offentleg finansiert. I økadm-faga er studentane jamt fordelt mellom tilbod som får fullstendig eller dels offentleg finansiering og tilbod utan offentleg tilskot. Om lag ein firedel av studentane i dei kreative faga er dels offentleg finansiert, medan 76 prosent av studentane er utan offentleg tilskot. I samferdsselfaga er det luftfartsutdanningane som er utan offentleg tilskot, medan maritime fag og lokførarutdanninga i hovudsak er heilt offentleg finansiert.

6.3 Vekst i sektoren – kvar og kvifor?

I samband med auken i tilskot til nye studieplassar – først 638 plassar i 2018 og så 1 600 plassar i 2020 – er det aktuelt å sjå på i kva grad den auka bevillinga har resultert i auka aktivitet i sektoren. Sidan 2018 har veksten i talet på studentar vore markant, med ei auke på ti prosent frå 2018 til 2019, og 24 prosent frå 2019 til 2020. Veksten i studenttalet fell saman i tid med ei auka bevilling i statlege driftstilskot til sektoren.

Det at studieplassane er varige og toårige, gjer at finansieringa dekker ein auke i nye studieplassar to år på rad. Det vil seie moglegheit til å ta opp eit tal studentar den første hausten, og så dobbelt så mange hausten etter.

Når bevillinga vert gitt som toårige plassar, er dette for å gi sektoren planleggingsrom med tanke på å sette i gang toårige tilbod. For å forstå effekten av opptrappinga er det likevel enklare å illustrere med eittårige studieplassar. Då ville auken tilsvare 638 nye eittårige plassar i 2018, 638 nye plassar i 2019, 1 600 nye plassar i 2020, og deretter 1 600 nye plassar i 2021. Det inneber altså at talet på nye studieplassar som blir finansiert, blir dubla i år to av opptrappinga. Til slutt er det viktig å peike på at ein studieplass ikkje er det same som ein student; Ein studieplass kan til dømes finansiere to studentar som studerer på halv tid, eller to studentar som tar 30 studiepoeng kvar i løpet av eitt år. Talet på studentar vil derfor auke meir enn auken i talet på studieplassar, dersom sektoren klarer å implementere alt.

Eit sentralt spørsmål i forlenginga av ein slik auke i finansiering, er naturleg nok om auken i bevillingar kan sporast i statistikken over talet på studentar og produserte studiepoeng.

Det samla talet på studentar i sektoren har auka med nesten 45 prosent frå 2017 – året før den første store auken i studieplassar blei innvilga. For å vurdere effekten av auken i talet på studieplassar, splittar vi opp studenttala etter finansieringsform på utdanningstilboda. Då kan vi fokusere på utviklinga i dei offentleg finansierte studieplassane, uavhengig av eigarskap.

Tabell 6.4 viser utviklinga i talet på studentar *berre for tilbod som er heilt eller dels offentleg finansierte*. Her ser vi at auken frå 2018 til 2019 er på ti prosent, medan auken er på 23 prosent frå 2019 til 2020. Denne auken samvarierer godt med auken i innvilga studieplassar – 638 studieplassar i 2018 og 1 600 studieplassar i 2020.

Den akkumulerte auken i innvilga studieplassar vises i tabellen under. Den viser til dømes at auken på 638 studieplassar i 2018 utgjorde om lag seks prosent av studenttalet i 2017. Denne auken, pluss opptrappinga med 638 plassar i 2019, utgjorde elleve prosent av studenttalet i 2018, osv. Den relative auken i talet på studentar, og den relative auken i studieplassar, viser ein tilnærma lik utvikling. Men ein studieplass er som sagt ikkje det same som ein student.

Tabell 6.4: Utvikling i talet på studentar på offentleg finansierte utdanningstilbod

Utvikling studentar offentleg finansierte studiar	2017	2018	2019	2020
Studentar totalt på offentleg finansierte tilbod, haust	11 078	11 575	12 723	15 638
Endring frå året før		497	1 148	2 915
Relativ endring		5 %	10 %	23 %
Innvilga nye toårige studieplassar med full opptrapping		638		1 600
Akkumulert auke i innvilga studieplassar		638	1 276	2 876
Forventa relativ auke i studenttalet gitt opptrapping		6 %	11 %	23 %

Kjelde: NSD

For å vurdere den fulle effekten av dei nye studieplassane må vi òg sjå til avlagde studiepoeng for studentar på offentleg finansierte tilbod. Når vi ser på avlagde studiepoeng

er det viktig å huske på at det er ei forseinking mellom opptak av studentar og avlagde studiepoeng.

For å gjere tala forståeleg i høve til studieplassar har vi her rekna om studiepoeng til *studiepoengseiningar* – det vil seie 60-poengseiningar, som er så mange studiepoeng en heiltidsstudent produserer på eit år. For kvar studieplass som er innvilga, ventar vi ein auke i studiepoengproduksjon på 60 poeng per skuleår. Ettersom det er toårige studieplassar ventar vi ein samla auke på 120 studiepoeng per innvilga studieplass, etter to år.

I [Tabell 6.5](#) under ser vi at det har vært ein auke på 12 prosent i studiepoengseiningar frå 2019 til 2020. Denne auken må truleg tilskrivast auken på 638 studieplassar frå 2018. Vi veit at mange av desse studieplassane først blei tilbydt studentar frå 2019, på grunn av seint vedtak om tilskot i 2018. Det er derfor venteleg at størsteparten av effekten blir synleg i 2020.

Tabell 6.5: Utvikling i studiepoengeiningar i offentleg finansierte utdanningstilbod 2017–2020

Utvikling av studiepoengeiningar	2017	2018	2019	2020
Studiepoengeiningar avlagd ved offentleg finansierte tilbod	6 099	6 328	6 612	7 407
Endring i produksjon av studiepoengeiningar frå året før	-	229	284	795
Relativ endring av studiepoengeiningar frå året før		4 %	5 %	12 %

Tilbod under 30 studiepoeng er halde utanfor for å isolere effekten av auken i studieplassar. Tilbod under 30 studiepoeng er i hovudsak finansiert gjennom spesifikke prosjektmidlar.

Kjelde: NSD

Basert på ein auke på 638 toårige studieplassar i 2018 kunne vi vente ein samla auke på 1 276 studiepoengeiningar når plassane er fullt ut implementert. Om alle plassane blei tilbydt frå hausten 2018, og alle studentane fullførte som planlagd, skulle vi sett denne auken i tala frå 2020. Summen av auken i 2018, 2019 og 2020 vist i tabellen over, er 1 308 studiepoengeiningar – altså 32 meir enn forventta ut frå auken i studieplassar i 2018. Gitt at mange av studieplassane ikkje blei implementert før i 2019, betyr dette at det er eit rimeleg godt samsvar mellom finansiert auke i 2018 og resultat i 2020.

Noko av auken i studiepoengproduksjon i 2020 må likevel òg kunne tilskrivast auken på 1 600 studieplassar i 2020. Desse studieplassane blei i all hovudsak tilbydt studentar frå hausten av, og er årsaka til den store auken i talet på studentar. Ettersom studieplassane blei innvilga i revidert nasjonalbudsjett, og fagskulane måtte bruke sommaren på ei ekstraordinær rekruttering, veit vi at ein del tilbod ikkje starta opp før i oktober, og nokre tilbod blei starta opp i januar 2021. Ein del av studentane avla studiepoeng allereie same hausten, men vi kan ikkje vente å sjå den fulle effekten i produksjon av studiepoengeiningar før etter rapporteringa i 2022.

6.4 Styring gjennom tilskot

Høgare yrkesfagleg utdanning skal svare på arbeidslivets behov, og gi kompetanse som kan takast i bruk i arbeidslivet utan vidare opplæring. Slik sett skal sektoren bli styrt av behova i arbeidslivet. Representantar frå arbeidslivet skal være med i styra til fagskulane, og tilbod skal utviklast med utgangspunkt i kva behov som finst. Fleire fagskular involverer representantar frå arbeidslivet i dei lokale faglege råda. Dei store samanslutningane som

representerer arbeidsgivar og arbeidstakarsida er òg sentrale i politikktutforminga for sektoren, mellom anna gjennom Nasjonalt fagskuleråd og fleire nasjonale faglege råd.

Diku er satt til å forvalte systemet for tilskot til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. Tilskotsordninga inneheld eit grunntilskot og eit resultatbasert tilskot. Det resultatbaserte tilskotet blir berekna på grunnlag av *endringar* i studiepoengproduksjonen frå eit år til neste. I 2020 auka det resultatbaserte tilskotet med om lag 4 millionar kroner. I tillegg kjem nye studieplassar på denne posten, når Stortinget løyver ein auke i dette. Når nye, faste toårige studieplassar blir innvilga, blir dette fasa inn i grunnbevillinga over ein periode på to år. Det gir eit grunnlag for å auke studiepoengproduksjonen, og såleis det resultatbaserte tilskotet.

Når det kjem til den økonomiske styringa av tilskot til utdanningstilbod, er myndigheita lagt til fylkeskommunane. Dei overordna måla og nokre grunnleggande retningslinjer for forvaltninga, er likevel sett av Kunnskapsdepartementet, og forvalta av Diku. Dei overordna måla med driftstilskotet er at det skal bidra til høg kvalitet i utdanninga, at utdanninga skal vere yrkesretta, vere lett tilgjengeleg for studentane, og at sektoren skal vere effektiv og solid.

Fylkeskommunane lyser kvart år ut ledige midlar til sektoren. Kor mykje dette er, vil avhenge av om det er nye studieplassar å fordele, eller om det er tilbod som ikkje lenger skal finansierast. Fordelinga av midlar skal skje etter politiske prioriteringar, med utgangspunkt i vurderingar av arbeidslivets behov lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette er ein viktig komponent i rolla som kompetansepolitisk aktør. Måten fylkeskommunane arbeider for å kartlegge arbeidslivets behov, og gjere prioriteringar på faglege tilbod i høgare yrkesfagleg utdanning, varierer mellom fylka, og arbeidet er i ei formingsfase.

I tillegg til styringa gjennom tilskot til drift av utdanningstilbod, kjem ulike prosjektbaserte midlar som vist innleiingsvis i kapittel 6. Utforminga av slike utlysingar er òg ei form for styring. Eit døme på dette er bransjeprogramma for kompetanse, som bidreg til å utvikle målretta tilbod retta mot konkrete bransjar. Eit anna døme er utviklingsmidlane som bidreg til auka fokus på kvalitetsfremjande tiltak.

Ein sentral faktor i styringa av høgare yrkesfagleg utdanning er fordelinga av nye studieplassar – med andre ord, kva for fagområde skal veksa, og kor. Når Stortinget vedtar midlar til fleire ordinære studieplassar, slik som i revidert nasjonalbudsjett i 2020, skal midlane fordelast mellom fylkeskommunane, som så fordeler til dei ulike utdanningstilboda.

Det finst ingen fast modell for deling av studieplassar. Eit utkast til modell vart likevel utvikla av Diku våren 2020, og testa gjennom prosessen med deling av dei 1 500 studieplassane som vart innvilga våren 2020. I den prosessen var det to faktorar som var styrande; behova i arbeidslivet, og kapasiteten til fagskulane. Fylkeskommunane, som forvaltar av høgare yrkesfagleg utdanning og som kompetansepolitisk aktør, vart gitt oppgåva med å kartlegge behov og kapasitet i sin region. På grunnlag av dette arbeidet kunne Diku fordele studieplassane mellom fylkeskommunane.

Tidsaspektet for heile prosessen var, som følgje av pandemien, ikkje optimalt for nokon av aktørane. Likevel viste arbeidet våren 2020 at det er mogleg å få til ein vekst i sektoren styrt av eit samspel mellom arbeidslivet, fagskulane, og fylkeskommunane.

7 Litteraturliste

- Almerud, M., Ricksten, M., Jallow, A. B., Petterson, I., & Melin, G. (2020). Utredning om mulig parallell struktur i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring. Technopolis group.
https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/ua/2020/utredning-om-mulig-parallell-struktur-i-nkr_2020.pdf
- Deloitte. (2021). Evaluering av fagskolemeldingen. Første delrapport – status for implementering av tiltak i fagskolemeldingen.
<https://www2.deloitte.com/no/no/pages/risk/articles/evaluering-av-fagskolemeldingen.html>
- Diku. (2020). Tilstandsrapport for høyere utdanning 2020. Diku rapport 3/2020.
<https://diku.no/rapporter/diku-rapportserie-03-2020-tilstandsrapport-for-hoeyere-utdanning-2020>
- Diku. (2021). Tilstandsrapport for høyere utdanning 2021. Diku rapport 7/2021.
<https://diku.no/rapporter/dikus-rapportserie-07-2021-tilstandsrapport-for-hoeyere-utdanning-2021>
- Meld. St. 14 (2019-2020). (u.d.). Kompetansereformen – Lære hele livet. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20192020/id2698284/>
- Meld. St. 9 (2016-2017). (u.d.). Fagfolk for fremtiden — Fagskoleutdanning. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-9-20162017/id2522412/>
- Munthe, E., Ruud, E., & Malmo, K.-A. S. (2020). Praxisopplæring i lærerutdanninger i Norge; en forskningsoversikt. Kunnskapsenter for utdanning 1/2020.
https://www.researchgate.net/publication/345238078_Praxisopplaering_i_laererutdanninger_i_Norge_en_forskningsoversikt
- NOKUT. (2020). Fagskolestudentenes oppfatning av kvaliteten på utdanningen under koronapandemien. Rapport 6-2020.
https://www.nokut.no/globalassets/studiebarometeret/2020/fagskole/fagskolestudentenes-oppfatning-av-kvaliteten-pa-utdanningen-under-koronapandemien_6-2020.pdf
- NOKUT. (2021). Studiebarometeret - Fagskoleundersøkelsen.
<https://www.studiebarometeret.no/no/fagskole>
- ONF. (2021). Har undersøkt fagskolestudentenes helse og trivsel under pandemien. Organisasjon for norske fagskolestudenter.
<https://www.fagskolestudent.no/aktuelt/2021/4/27/har-underskt-fagskolestudentenes-helse-og-trivsel-under-pandemien>
- Skutlaberg, L. S., Eikrem, A., & Nordhagen, I. C. (2021). Kvalitet på nett. Kartlegging av føresetnader for godenett- og samlingsbaserte utdanninger i HYU. Blir publisert i løpet av juni 2021: Ideas2Evidence Rapport 6:2021.

- Solberg, E., Hovdhaugen, E., Gulbrandsen, M., Scordato, L., Svartefoss, S. M., & Eide, T. (2021). Et akademisk annerledesår: Konsekvenser og håndtering av koronapandemien ved norske universiteter og høyskoler. NIFU-rapport 2021:9. <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/handle/11250/2737339>
- UHR. (2021). Dobbeltkompetanse: yrkesfaglig og forskningsbasert. Overgang mellom teknisk fagskoleutdanning og bachelor i ingeniørfag. https://www.nokut.no/globalassets/nokut/rapporter/ua/2021/dobbeltkompetanse-yrkesfaglig-og-forskningsbasert_2021.pdf



Direktoratet for
internasjonalisering
og kvalitetsutvikling
i høgare utdanning



+47 55 30 38 00 | post@diku.no | diku.no